


# Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling

---

Oversikt og analyse i bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg for åra 2014–2018

Juni 2020



Helse Førde HF rapport	Nr. 1 2020
Forfattarar	Marte Bale, Maria Holsen, Knut Ivar Osvoll, Haji Kedir Bedane og Oddne Skrede
Oppdragsgjevar	Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Vest RHF
Gradering	Open
Dato	
Versjon	11. november 2020
Framsidedfoto	Colourbox

**ISBN: 978-82-691504-4-5 (PDF)**

**ISBN: 978-82-691504-3-8 (Trykt, hf.)**

**ISBN: 978-82-691504-5-2 (PDF, engelsk versjon)**

Alle rettar Helse Førde HF

# Forord

Den nasjonale helseatlastenesta i Norge blir utarbeidd av Helse Nord RHF (SKDE) og Helse Vest RHF (Helse Førde HF), på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet. Helse Vest/Helse Førde presenterer med dette det første norske helseatlas som tek føre seg områda psykisk helsevern og rusbehandling.

Mange av dei som mottok behandling innan psykisk helsevern og rusbehandling er utsette og sårbare menneske, og lidningane medfører store kostnader for samfunnet. Dei siste åra har styresmaktene såleis hatt eit klart uttalt ønske om å styrke tenestetilbodet på dette området, og det eksisterer ein eigen opptrappingsplan for rusfeltet. Vi håpar at Helseatlas psykisk helsevern og rusbehandling blir eit nyttig verktøy vidare i dette arbeidet.

Målet er å gje eit oversyn over innbyggjarane sin bruk av desse spesialisthelsetenestene. Vidare ønskjer vi å gje svar på spørsmålet om kvar ein bur i landet og alder spelar noko rolle for kva behandling og mengd behandling ein får innan dei spesifikke områda psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Analysane i rapporten er gjort hovudsakleg ut frå data frå Norsk pasientregister (NPR) frå åra 2014 – 2018. Undervegs i arbeidet har vi hatt gode og ofte uunnverlege innspel frå ressursgruppa for helseatlas, og ikkje minst godt samarbeid med kollegar ved SKDE i Helse Nord, både i førebuingar og undervegs i arbeidet.

Helseatlas tek sikte på å peike ut eventuelle variasjonar i tenestetilbodet, anten dei er av geografisk, demografisk eller helsefagleg art. Vi har også søkt å gje ei vurdering om variasjonane som er identifisert, er av ønska eller uønska art.

Vi har arbeidd for at denne rapporten skal gje mest mogeleg relevant kunnskap og faktagrunnlag for kvalifiserte analysar, vurderingar og avvegingar innanfor dei aktuelle områda i norsk spesialisthelseteneste.

Førde 2. juni 2020

Arve Varden  
Administrerande direktør  
Helse Førde HF



# Forkortingar

**Avt.:** Avtalespesialist psykisk helsevern

**CV:** Coefficient of variation. Variasjonskoeffisient

**DPS:** Distriktpsikiatrisk senter

**FT:** Forholdstal

**HF:** Helseføretak

**HOD:** Helse- og omsorgsdepartementet

**ISF:** Innsatsstyrt finansiering

**KI:** Konfidensintervall

**LAR:** Legemiddelassistert rehabilitering for ruslidingar

**NPR:** Norsk pasientregister

**PHV-BU:** Psykisk helsevern for barn og unge

**PHV-V:** Psykisk helsevern for vaksne

**RHF:** Regionalt helseføretak

**SCV:** Systematic Component of Variation. Systematisk variasjonskomponent.

**SSB:** Statistisk sentralbyrå

**TSB:** Tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar



# Samandrag

## Bakgrunn

For å få betre kunnskap om variasjon i bruk av helsetenester, gav Helse- og omsorgsdepartementet Helse Nord RHF og Helse Vest RHF oppdrag om å utvikle ei nasjonal helseatlasteneste. Helse Førde utfører oppdraget på vegne av Helse Vest.

## Vurdering av variasjonen

Det finst ingen standard måte som enkelt kan brukast ved analyse av variasjonen i bruk av helsetenester mellom geografiske område. Fleire metodar blei derfor brukt. I vurdering av om variasjonen var uønska inngår også bruk av skjønn.

## Kva blei undersøkt

I «Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling» har vi undersøkt innbyggjarane sin bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Psykisk helsevern inkluderer både psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge, og avtalespesialistar i psykisk helsevern. Geografiske variasjonar i innbyggjarane sin bruk av desse helsetenestene blei også undersøkt. Innbyggjarane blei inndelt i tre grupper etter alder: barn og unge (0-17 år), vaksne (18-64 år) og eldre (65 år og eldre).

Analysane blei gjort ut frå data frå Norsk pasientregister frå 2014-2018, og både poliklinisk behandling og døgnbehandling blei undersøkt. I tillegg til å undersøke alle pasientane samla, blei det for vaksne og eldre sett nærmare på to undergrupper: pasientar med alvorleg psykisk lidning og pasientar med rusliding.

## Resultat

Helseatlas psykisk helsevern og rusbehandling inneheld informasjon om mange aspekt ved innbyggjarane sin bruk og variasjon i bruk av psykisk helsevern, avtalespesialistar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i perioden 2014–2018.

For vaksne, som var den største pasientgruppa, var det stor variasjon mellom ulike delar av landet i pasientane sin bruk av tenestene, og særleg tydeleg blei dette når vi trekte ut pasientar med rusliding eller pasientar med alvorleg psykisk lidning og såg spesielt på desse. For begge gruppene var det store variasjonar i bruk av poliklinisk behandling. For døgnbehandling var variasjonen ikkje like markant for pasientar med rusliding, mens for dei alvorleg psykisk sjuke var det stor variasjon også her. Vi har vurdert at variasjonen mellom buområda var uønska.

Analysane viste at variasjonen i bruk av helsetenestene var særleg stor for eldre. Både bruk av poliklinisk- og døgnbehandling varierte svært mykje mellom ulike delar av landet. Variasjonen var stor for eldregruppa samla, og når vi såg på pasientar med rusliding eller alvorleg psykisk lidning kvar for seg. Omfanget

av døgnbehandling ved rusliding var lite. Vi har ikkje haldepunkt for at den store variasjonen i bruk av tenestene skuldast pasientane sine behov åleine, og har vurdert at den er uønska.

For vaksne, men endå tydelegare for eldre, var bruk av poliklinikk høgast i Oslo. Større bruk av avtale-spesialistar i Oslo, samanlikna med i andre delar av landet, var med på å bidra til den store variasjonen mellom buområda i poliklinisk kontaktrate.

For barn og unge varierte bruk av poliklinikk lite mellom ulike delar av landet, vurdert ut frå heile aldersgruppa samla. Vi fann likevel at poliklinisk behandling blei gitt ulikt med tanke på tal polikliniske kontaktar per pasient. Variasjonen i døgnbehandling var stor, men det var få pasientar som fekk døgnbehandling og resultatet må tolkast i lys av dette.

### **Vurderingar**

Resultata i helseatlasen gir grunnlag for refleksjonar knytt til innbyggjarane sin bruk av spesialisthelsetenestene innan psykisk helsevern og rusbehandling. Kunnskapen frå helseatlasen kan, saman med andre kjelder, vere utgangspunkt for vidare analysar for å forstå variasjonane og konsekvensane av desse – for pasientar, helsevesen og samfunn - for å bidra til meir likeverdig bruk av helsetenestene.

### **Konklusjon**

Vi fann store variasjonar mellom ulike delar av landet i vaksne og eldre sin bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Dette var spesielt tydeleg ved alvorleg psykisk lidning eller rusliding.



# Innhald

<b>Forkortingar</b>	<b>5</b>
<b>Samandrag</b>	<b>7</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>11</b>
1.1 Mandatet og behandlingsgrunnlaget . . . . .	11
1.2 Om helseatlas og variasjon i bruk av helsetenester . . . . .	11
1.3 Variasjonsomgrepet . . . . .	12
<b>2 Kvifor eit helseatlas innan psykisk helsevern og behandling av ruslidingar?</b>	<b>15</b>
2.1 Hovudmål med helseatlas . . . . .	18
<b>3 Sentrale omgrep og definisjonar</b>	<b>19</b>
<b>4 Resultat</b>	<b>21</b>
4.1 Barn og unge i psykisk helsevern . . . . .	25
4.1.1 Poliklinisk behandling . . . . .	25
4.1.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for barn og unge . . . . .	31
4.1.3 Døgnbehandling . . . . .	32
4.1.4 Hovudfunn - døgnbehandling for barn og unge . . . . .	34
4.1.5 Samla vurdering for barn og unge . . . . .	34
4.2 Vaksne i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar . . . . .	35
4.2.1 Poliklinisk behandling . . . . .	35
4.2.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for vaksne . . . . .	47
4.2.3 Døgnbehandling . . . . .	48
4.2.4 Hovudfunn - døgnbehandling for vaksne . . . . .	60
4.2.5 Samla vurdering for vaksne . . . . .	60
4.3 Eldre i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar . . . . .	61
4.3.1 Poliklinisk behandling . . . . .	61
4.3.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for eldre . . . . .	73
4.3.3 Døgnbehandling . . . . .	74
4.3.4 Hovudfunn - døgnbehandling for eldre . . . . .	84
4.3.5 Samla vurdering for eldre . . . . .	84
4.4 Vurdering av variasjonen . . . . .	85
<b>5 Drøfting</b>	<b>89</b>
5.1 Hovudfunn . . . . .	89
5.2 Drøfting av resultat . . . . .	90
5.3 Datagrunnlaget . . . . .	93

<b>6 Oppsummering og konklusjon</b>	<b>95</b>
<b>Referansar</b>	<b>97</b>
<b>Vedlegg A Tilleggsfigurar og -tabellar</b>	<b>103</b>
<b>Vedlegg B Metode</b>	<b>113</b>
<b>Vedlegg C Definisjon av buområde</b>	<b>119</b>
<b>Vedlegg D Definisjon av DPS-område</b>	<b>123</b>
<b>Vedlegg E Ressursgruppe</b>	<b>127</b>
E.1 Endringar mellom versjonar . . . . .	127

# Kapittel 1

## Innleiing

### 1.1 Mandatet og behandlingsgrunnlaget

For å få betre kunnskap om variasjon i bruk av helsetenester, gav Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) i føretaksmøtet januar 2015, oppdraget med å utvikle ei nasjonal helseatlasteneste til Helse Nord RHF og Helse Vest RHF. Dei to regionale helseføretaka skal samarbeide med Helsedirektoratet om arbeidet, der ein skal sette lys på og analysere forbruk og variasjon av tenestene. I Helse Vest er det Helse Førde som utfører arbeidet med helseatlas, medan Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) har denne rolla på vegne av Helse Nord.

I fleire oppdragsdokument frå HOD er det lagt vekt på at informasjon om variasjon i forbruk av helsetenester skal nyttast i forbetningsarbeid. Gjennom forbetningsarbeid kan den uønska variasjonen bli redusert. Variasjon som ikkje kan forklarast ut frå ulike behandlingspreferansar eller ulik sjukdomsførekost i ulike delar av landet kan karakteriserast som uønska ([Wennberg, 2010](#)). Store variasjonar mellom buområda i bruk av helsetenester, indikerer over- eller underforbruk av tenestene, noko som igjen kan ha konsekvensar for både pasientar og helsetenestene.

Oversiktshelseatlasen i psykisk helsevern og rus bygger på helseopplysingar utlevert frå Helsedirektoratet ved Norsk pasientregister (NPR) for perioden 2014 til 2018. Helse Førde er aleine ansvarleg for tolking og presentasjon av data som er utleverte. NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar som er basert på data dei har levert ut. Helse Førde har konsesjon frå Datatilsynet for behandling av helseopplysingar til nasjonal helseatlasteneste frå 2016. Etter 20. juli 2018 er det Personvernforordningen artikkel 6 nr. 1 bokstav e, og artikkel 9 nr. 2 bokstav j, som dannar det rettslege grunnlaget for databehandlinga.

### 1.2 Om helseatlas og variasjon i bruk av helsetenester

I Noreg er det allmenn semje om at helsetenestene skal vere likeverdig fordelt på innbyggjarane uavhengig av kvar ein bur, og at behandlingstilbodet skal vere tilpassa pasientane sine behov ([Helse- og omsorgsdepartementet, 2016](#)). Det er derfor ei sentral oppgåve å få fram i kva grad dette målet blir nådd. Dei siste åra har helseatlastenesta gjennomført samanlikningar av pasientane sin bruk av helsetenester for ulike pasientgrupper.<sup>1</sup> Vi er blitt klar over at bruken på mange område varierer mellom ulike deler av landet.

---


<sup>1</sup>KOLS, eldre, nyfødde, barn, ortopedi, dagkirurgi, fødselshjelp, gynekologi

Kunnskap om variasjon i bruk av helsetenester er viktig for å kunne sjå nærare på forholdet mellom helsepolitiske vedtak og kliniske beslutningar. Kunnskapen reiser spørsmål knytt til prioriteringar og effektivitet i helsevesenet (Wennberg, 2011), og er nyttig for både pasientar, helsearbeidarar, leiarar og politikarar.

Det finst land som har lenger tradisjon enn Noreg med å sjå på geografisk variasjon i bruk av helsetenester; helsetenesteforskning knytt til såkalla *small area variation*. I USA starta arbeidet allereie på 1970-talet, og ein pioner på området var John Wennberg ved Dartmouth College i Vermont. Bruk av helsetenester, ressursbruk og kostnader i ulike geografiske område i USA blei kartlagt, og funna framstilte mellom anna gjennom kartpresentasjonar (*Atlas of variation*). Arbeidet avdekk store regionale forskjellar og fekk stor merksemd lokalt.

### 1.3 Variasjonsomgrepet

Med analysar knytt til variasjon i bruk av helsetenester ønsker vi å finne ut om pasientane har fått eit likeverdig behandlingstilbod uansett kvar dei bur i landet. Det vil alltid vere variasjon i bruk av helsetenester. Helseatlas søker å uttale seg om variasjonen er systematisk, og vidare om den er ønska eller ikkje. *Uønska*, *uberettiga* og *ubegrunna* variasjon blir brukt synonymt. I dette kapitlet vil ulike variasjonsomgrep og forholdet mellom dei bli omtalt, mens informasjon om korleis analysene av variasjonen er gjennomført i dette helseatlas er skildra i kapittel 4.4 og vedlegg B Metode.



**Figur 1.1:** Illustrasjon av variasjonskomponentar. (Brukt etter tillatelse frå SKDE. Henta frå Frå Norsk nyfødmedisinsk helseatlas (Moen et al., 2016))

Den observerte variasjonen kan delast i to hovudkomponentar; systematisk og tilfeldig variasjon (figur 1.1). Den tilfeldige variasjonen blir særleg tydeleg ved små utval av pasientar, prosedyrer eller andre forhold ein studerer. Ved eit lite utval vil førekomsten reint tilfeldig kunne endre seg relativt mykje frå år til år innanfor eit geografisk område. Dersom den tilfeldige variasjonen er stor, kan vi ikkje gi tydeleg uttale om den systematiske variasjonen. Analysane i helseatlas vil derfor bygge på utval med eit stort nok volum. Volumet, for eksempel kor mange pasientar som er innlagt, kan i buområda likevel variere over tid, noko som vil påverke vurderingane og konklusjonane.

Analysar i bruk av helsetenester blir i eit helseatlas gjennomført ut frå pasienten si heimeadresse, ikkje ut frå kvar pasienten fekk behandling. Ved analysar ut frå geografisk tilhøyrgheit vil pasientsamansettinga bli meir homogen enn dersom analysane tok utgangspunkt i ulike sjukehus.

I Noreg er det generelt sett liten skilnad i førekomst av somatisk sjukdom mellom geografiske område.

Det er imidlertid lite kunnskap om førekomsten av ulike psykiske lidingar og ruslidingar i ulike deler av landet tilsvarande buområda og DPS-område (Folkehelseinstituttet, 2018b). Innbyggjarane sine behov for helsetenester bygger på fleire forhold enn kva sjukdom pasientane har. Behovet for helsetenester kan relaterast til karakteristika ved individet, som alder, og individet sine omgjevnader som sosioøkonomiske forhold, helserelaterte forhold og bustad. Slike karakteristika ligg til grunn ved utrekning av behovsindeksar i modellane for inntektsfordeling mellom dei regionale helseføretaka (NOU, 2019).

Den systematiske variasjon som ikkje kan forklarast ut frå tilfeldigheiter eller kjenneteikn ved pasientane, kan reknast som uønska (*uberettiget* i figur 1.1). For å kunne identifisere den uønska variasjonen søker vi både å redusere den tilfeldige variasjonen og variasjonen som er knytt til kjenneteikn ved pasientane. Vi korrigerer for alder og kjønn. Ein tydeleg uønska variasjon i bruk av helsetenester, indikerer ei teneste som ikkje er likeverdige fordelt i samsvar med sørge-for-ansvaret til helsevesenet. At det er uønska variasjon kan i utgangspunktet like godt bety underforbruk av tenester i eitt buområde som det betyr overforbruk i eit anna.

Gjennom helseatlasen skal vi setje lys på og analysere variasjon i bruk av helsetenester. Analysene seier ikkje kva som er det rette nivået i bruk av helsetenester, og vi kjenner heller ikkje nødvendigvis det rette nivået.



## Kapittel 2

# Kvifor eit helseatlas innan psykisk helsevern og behandling av ruslidingar?

Psykiske lidningar og ruslidingar er utbreidde i Noreg og kan føre til helsetap hos innbyggjarane i dei fleste aldersgrupper (Folkehelseinstituttet, 2018b). Psykiske lidningar er blant tilstandane der sjukdomsbyrda auka prosentvis mest i Noreg i perioden 2014–2017, medan sjukdomsbyrda for alkohol- og ruslidingane blei redusert (Helse-og omsorgsdepartementet, 2019).

Undersøkingar har vist at depressive lidningar og angstlidningar er blant dei vanlegaste årsakene til ikkje-dødeleg helsetap innan psykisk helse, hos både kvinner og menn. At psykiske lidningar og ruslidingar kan vere alvorlege, viser seg mellom anna ved at sjølvord og overdosar er dei viktigaste årsakene til død blant unge og vaksne i alderen 15 til 49 år (Folkehelseinstituttet, 2017), og at personar med alvorleg psykisk lidning kan trenge behandling i institusjon.

Folkehelseinstituttet (FHI) konkluderer i rapporten Psykisk helse i Norge (Folkehelseinstituttet, 2018b) med at utbreiinga av psykiske lidningar aukar både hos vaksne, og hos jenter i 15–17 års alder. Frå studier FHI viser til, vil 16–22 % av den vaksne del av folket ha ei psykisk lidning i løpet av 12 månader. Hos barn og unge viser undersøkingar at omtrent 7 % av barn i førskule- og skulealder har symptom som samsvarar med psykiske lidningar, medan rundt 5 % av barn og unge (0–17 år) kvart år får behandling i psykisk helsevern for barn og unge (Folkehelseinstituttet, 2018b). Våre funn ut frå data frå Norsk pasientregister i 2014–2018, samsvarar med FHI sine frå 2018.

Helsetenestetilbodet for pasientar med psykiske lidningar og /eller ruslidingar har vore prioriterte område i Noreg gjennom fleire år. I Nasjonal helse- og sykehusplan (2020–2023) er psykisk helsevern eitt av satsingsområda (Helse-og omsorgsdepartementet, 2019). Særleg skal barn og unge, og brukarar med alvorlege og sammensette behov få auka merksemd. Samtidig som det skal vere høgare vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, enn i somatisk sektor, er det spurt etter meir kunnskap knytt til tenestene som pasientane får.

For å gjere behandlinga meir tilgjengeleg for innbyggjarane, har ei desentralisering av spesialisthelsetenesta sine tilbod, både gjennom utbygging av distriktpsykiatriske senter (DPS) og poliklinikkar for barn og unge, vore viktige organisatoriske tiltak. Likevel - ikkje alle pasientar skal ha behandling i spesialisthelsetenesta. Kommunale helse- og omsorgstenester er viktige ved psykiske helseutfordringar; frå førebyggjande tiltak til behandling og rehabilitering, og dei seinare åra har mellom anna helsestasjonar og skulehelsetenesta blitt styrka.

Gjennom utvikling av prioriteringsretteleiarar,<sup>2</sup> kvalitetsindikatorar,<sup>3</sup> nasjonale kvalitetsregister,<sup>4</sup> pakkeforløp,<sup>5</sup> og i tillegg Helsedirektoratet sine publiseringar av statistikk og rapportar<sup>6</sup> innan psykisk helsevern og rusbehandling, viser helsestyresmaktene at tenestene skal prioriterast.

### Barn og unge i psykisk helsevern

Psykiske lidningar blir ofte kalla «de unges lidelser». I 75 % prosent av tilfella har lidinga vist seg hos pasienten før fylte 25 år (Kessler et al., 2005), og sjølv mord er ei av dei hyppigaste dødsårsakene blant unge (NHI, 2019).

Ein stor del av gutane blir tilvist psykisk helsevern i barneskolealder. Hos gutane er utviklingsforstyrningar og adferdsforstyrningar mest vanlege tilstandar, og med «mistanke om hyperkinetisk forstyrrelse» (Attention Deficit Hyperactivity Disorder, ADHD) som vanleg årsak for tilvisinga.

For jenter er hovedvekta av pasientane tilvist i ungdomsskolealder. Vanlege grunnar for tilvisinga er «mistanke om depresjon» eller «mistanke om angstlidelse». Hos jenter frå puberteten er, i tillegg til depresjon og angst, tilpassingsforstyrningar og spiseforstyrningar vanlege problemstillingar (Folkehelseinstituttet, 2018b). 95 % av pasientane får poliklinisk omsorg, og dei fleste innleggingane i døgnbehandling er frivillig.

Polikliniske kontaktar for dei minste barna kan for eksempel gjelde mødre med fødselsdepresjon, der foreldre blir følgt opp det første året, eller tilbodet kan vere retta mot barn med autisme, premature, mistanke om utviklingsforstyrningar, rusmiddelskade eller samansett barnevernsproblematikk.

### Vaksne i psykisk helsevern og rusbehandling

Halvparten av innbyggjarane i Noreg vil oppleve å få ei psykisk liding i løpet av livet (Malt et al., 2018). Førekomsten er høgare i byane enn på landsbygda. Angst og depresjon er dei hyppigaste tilstandane, og ofte førekjem symptom på begge lidningane samtidig. I løpet av eitt år vil omtrent 15 % av dei vaksne innbyggjarane få ei angstlidning og omtrent 10 % vil bli ramma av depresjon (Folkehelseinstituttet, 2018b). Ruslidingar førekjem hyppig, også saman med psykiske lidningar.

Psykoselidningar som f.eks. schizofreni eller paranoid psykose er forholdsvis sjeldne og berre 1-3,5 % av innbyggjarane vil få ein slik sjukdom i løpet av livet (Folkehelseinstituttet, 2018c). Under psykose er pasienten sin måte å oppfatte verklegheta på endra. Han eller ho kan oppleve sansbedrag og utvikle vrangførestillingar. Sosial tilbaketrekking og påverknad av kognitiv funksjon er vanleg. Nokre får eit forløp med stort funksjonsfall og omfattande hjelpebehov, mens andre kan bli friske etter ei psykoseliding.

Alkoholbrukslidingar er den hyppigaste rusbrukslidinga i Noreg, og er mest vanleg blant unge vaksne mellom 18 og 35 år. Skadeleg bruk av alkohol er meir vanleg blant menn enn hos kvinner. Pasientar med ruslidingar har ofte også andre psykiske lidningar og kroppslege sjukdommar (Folkehelseinstituttet, 2019).

Psykiske sjukdommar ramar i stor grad den yngre del av innbyggjarane, og kan gi omfattande funksjonsnedsetting som gjer utdanning og arbeidsliv vanskeleg. Psykiske lidningar- og åtferdsforstyrningar utgjer med 36 % den største gruppa av dei uføretrygda (NAV, 2019).

<sup>2</sup> [www.helsedirektoratet.no/produkter?tema=prioriteringsveileder](http://www.helsedirektoratet.no/produkter?tema=prioriteringsveileder), per 12.5.2020

<sup>3</sup> [www.helsedirektoratet.no/statistikk/statistikk/kvalitetsindikatorer](http://www.helsedirektoratet.no/statistikk/statistikk/kvalitetsindikatorer), per 23.8.2019

<sup>4</sup> [www.kvalitetsregistre.no/](http://www.kvalitetsregistre.no/) per 30.10.2019

<sup>5</sup> [www.helsedirektoratet.no/tema/psykisk-helse](http://www.helsedirektoratet.no/tema/psykisk-helse), per 30.10.2019

<sup>6</sup> [www.helsedirektoratet.no/tema/statistikk-registre-og-rapporter](http://www.helsedirektoratet.no/tema/statistikk-registre-og-rapporter), per 12.5.2020



Dei fleste får behandling i primærhelsetenesta. Fastlege og legevakt tilviser vidare til poliklinikkar og til innlegging ved behov. Dei fleste innleggingar skjer på frivillig basis. Når pasientar oppsøker fastlege eller legevakt for psykiske plager, er depresjon oftast grunnen (Folkehelseinstituttet, 2018c).

Det finst ei rekke behandlingsmetodar, inkludert ulike psykoterapiformer og medikamentell behandling. Behandling kan føregå i grupper eller individuelt. Å komme tidleg til behandling er som regel gunstig for prognosen. Nokre tilstandar har svært god prognose, mens andre kan gi meir kroniske lidningar. Også ved dei kroniske tilstandane er det mykje ein kan gjere for å leve best mogleg med sjukdommen.

### **Eldre i psykisk helsevern og rusbehandling**

Dei hyppigaste psykiske lidningane er dei same som hos den yngre del av innbyggjarane og kan bli behandla på same måte som hos dei yngre. Samtidig kan dei eldre ha andre utfordringar i denne livsfasen. Styrking av sosialt nettverk, ernæring, fysisk aktivitet, høyrse- og synshjelp blir beskrive som både beskyttande og viktig i behandlinga av dei vanlegste lidningane.<sup>7</sup>

I fleire europeiske land har 35 % av dei eldre hatt ei psykisk lidning i løpet av det siste året (Folkehelseinstituttet, 2018a). Depresjon er mest vanleg. Overslag har vist at omtrent 15–20 % av dei eldre har depresjon, mens omtrent 10 % har angst. Depresjon hos eldre kan påverke hukommelse og konsentrasjon, slik at det kan feiltolkast som demens (Malt et al., 2018). Norske studier viser ein auke i førekomen av depresjon, særleg hos dei eldste (Folkehelseinstituttet, 2018a). Omtrent 1/5 av alle sjølv mord skjer i aldersgruppa over 65 år, og menn er overrepresentert (Aldring og Helse, 2019).

5–10 % av dei over 65 år har demens. Alzheimers sjukdom er den vanlegaste typen demens. I tillegg til langsam og gradvis utvikling av hukommelsessvikt, kognitive og nevrologiske symptom, er også agitasjon, depresjonssymptom, apati og psykosesymptom vanleg. Kjenneteikn ved sjukdommen er ei langsam og gradvis utvikling av hukommelsessvikt. Førekomen av demens aukar med aukande alder, og i aldersgruppa over 89 år har 40 % demens (Malt et al., 2018).

Nyoppståtte psykiske symptom kan også vere teikn på underliggende somatisk sjukdom eller biverknader av medisinar. Det er viktig ikkje å slå seg til ro med at alle endringar i symptom er naturlege aldersforandringar. Problema er ofte samansette. Utgreiing og behandling av eldre skjer i primærhelsetenesta, i geriatriske, nevrologiske, alderspsykiatriske og allmennpsykiatriske avdelingar og poliklinikkar. Organisering av tenestene kan vere ulik i ulike deler av landet.

---

<sup>7</sup>[www.aldringoghelse.no/](http://www.aldringoghelse.no/)

## 2.1 Hovudmål med helseatlas

Hovudmål med atlasen er

- å gi ei oversikt av innbyggjarane sin bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- å vurdere geografisk variasjon i bruk av helsetenestene

Med psykisk helsevern meiner vi spesialisthelsetenestene psykisk helsevern for vaksne, psykisk helsevern for barn og unge og avtalespesialistar psykisk helsevern.

I analysane vil innbyggjarane bli delt inn i tre grupper etter alder: barn og unge (0–17 år), vaksne (18–64 år) og eldre (65 år og eldre). For vaksne og eldre vil vi, i tillegg til å undersøke alle pasientane samla, sjå nærmare på to grupper sin bruk av helsetenestene: pasientar med alvorleg psykisk lidning (schizofreni, bipolar lidning og alvorleg depresjon) og pasientar med ruslidingar. Analysane vil bli gjort ut frå data frå Norsk pasientregister frå 2014–2018, og både poliklinisk behandling og døgnbehandling vil bli undersøkt.

Gjennom helseatlasen er det eit mål å gi auka kunnskap om innbyggjarane sin bruk av spesialisthelsetenestene i tråd med uttalt behov frå helsestyresmaktene ([Helse- og omsorgsdepartementet, 2019](#)). I målsetjinga inngår også, saman med andre kjelder, å publisere analysar som kan nyttast til styringsføremål for helseføretaka, og å danne grunnlag for å forstå og forklare variasjon i bruk av helsetenestene.

## Kapittel 3

# Sentrale omgrep og definisjonar

I dette kapitlet omtalar vi sentrale omgrep og definisjonar knytt til analysane i helseatlasen. Sjå i vedlegg B for ei meir detaljert skildring av metodar som blei brukte.

Spesialisthelsetenesta har ansvar for både psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar (TSB). Med **psykisk helsevern** siktar vi til utgreiing og behandling av menneske på grunn av psykisk lidning, i tillegg til pleia og omsorga dette krev.<sup>8</sup> TSB tilbyr diagnostisering, utgreiing og behandling ved rusmiddel- og andre typar avhengigheit. Tverrfaglege tenester betyr at dei skal utførast av personell med medisinsk, psykologisk og sosialfagleg kompetanse.<sup>9</sup>

**Utval:** Pasientar som, i 2014–2018, var i kontakt med ein eller fleire av sektorane psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar og avtalespesialistar psykisk helsevern blei inkluderte i utvalet. Tal unike pasientar per buområde og år blei rekna ut.

I hovudanalysane blei pasientane fordelte på tre alderssegment: barn (0–17 år), vaksne (18–64 år) og eldre (65 år og eldre). Pasienten sin alder blei definert som alder ved kontaktdato.

For gruppene vaksne og eldre såg vi i tillegg nærmare på to pasientgrupper; pasientar med *Alvorleg psykisk lidning (ALV)* (schizofreni, bipolar lidning og alvorleg depresjon) og pasientar med *Ruslidning (RUS)* psykiske lidningar og åtferdsforstyrningar som skuldast bruk av psykoaktive stoff, unntatt tobakk.<sup>10</sup> (Sjå nærmare definisjon i vedlegg B.)

**Buområde:** I helseatlasen blir variasjon i bruk av helsetenester vurdert mellom ulike buområde, for å vurdere om det er lik tilgang til helsetenester uansett kvar ein bur. Buområda svarar til helseføretaka sine opptaksområde, sjå tabell 3.1 og vedlegg C.

**Distriktpsykiatrisk senter (DPS)** er fagleg sjølvstendige einingar med ansvar for det allmenne psykiske helsevernet, og er ein del av spesialisthelsetenesta. Tilbyr dag-, døgn, polikliniske og ambulante tenester. DPS-a kan enkelte stader vere samlokalisert med sjukehusavdelingar. Nokre analysar blei gjort ut frå **DPS-område**; buområde som svarar til DPS-a sine «opptaksområde» (vedlegg D).

**Kjønns- og aldersjustering** Ratane i rapporten er alders- og kjønnsjusterte, med unntak av i tabell 4.1. I nemnar inngår tal innbyggjarar i alderssegmentet vi ser på.

**Poliklinisk behandling:** Alle kontaktar der pasienten blei skriven inn og ut same dato, uavhengig av oppgitt omsorgsnivå.

<sup>8</sup>Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern, [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no), lasta ned 4. sept. 2019

<sup>9</sup>Lov om spesialisthelsetjenesten §2-1, [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no), last ned 4. sept. 2019

<sup>10</sup>Vi har brukt tilstandskodar som hovud- eller bitilstand, og vil finne pasientar med alvorleg psykisk lidning eller ruslidning i begge gruppene

Tabell 3.1: Helseføretaka sine buområde/opptaksområde med kortnamn

Buområde/opptaksområde for:	Kortnamn buområde
Finnmarkssykehuset HF	Finnmark
Universitetssykehuset i Nord-Norge HF	UNN
Nordlandssykehuset HF	Nordland
Helgelandssykehuset HF	Helgeland
Helse Nord-Trøndelag HF	Nord-Trøndelag
St. Olavs hospital HF	St. Olavs
Helse Møre og Romsdal HF	Møre og Romsdal
Helse Førde HF	Førde
Helse Bergen HF	Bergen
Helse Fonna HF	Fonna
Helse Stavanger HF	Stavanger
Sykehuset Østfold HF	Østfold
Akershus universitetssykehus HF	Ahus
Oslo universitetssykehus HF	OUS
Diakonhjemmet Sykehus	Diakonhjemmet
Lovisenberg Diakonale sykehus	Lovisenberg
Sykehuset Innlandet HF	Innlandet
Vestre Viken HF	Vestre Viken
Sykehuset i Vestfold HF	Vestfold
Sykehuset Telemark HF	Telemark
Sørlandet sykehus HF	Sørlandet

**Direkte poliklinisk kontakt (poliklinisk kontakt)** er alle polikliniske kontaktar minus indirekte kontaktar. Kontaktane gjeld enten utgreiing/observasjon eller behandling der pasient og/eller føresette/pårørande var fysisk til stades. Ved å telje alle kontaktar vil analysane bli mindre påverka av endring i finansieringsmåten i perioden.

**Indirekte kontakt:** poliklinisk kontakt uten pasienten eller pårørande fysisk til stades. Kan mellom anna gjelde telefonkontakt, videokonferanse eller møte mellom fagpersonar.

#### For poliklinikk blei det rekna ut:

*Poliklinisk kontaktrate:* Gjennomsnittleg tal direkte polikliniske kontaktar per år, per 1 000 innbyggjarar.

*Indirekte kontaktrate:* Gjennomsnittleg tal indirekte kontaktar per år, per 1 000 innbyggjarar.

*Pasientratar:* Gjennomsnittleg tal pasientar per år per 1 000 innbyggjarar.

*Kontaktar per pasient:* Tal direkte polikliniske kontaktar i buområdet/tal unike pasientar i det same buområdet, per år.

*Intensitet:* Med utgangspunkt i kvar poliklinisk kontakt: gjennomsnittleg tal polikliniske kontaktar i 30-dagars periodar per buområde og år.

**Døgnopphald:** alle opphald/innlegging i institusjon på meir enn null døgn, registrert i psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge, eller ved tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Opphald med mindre enn åtte timar mellom er slått saman.<sup>11</sup>

#### For døgnbehandling blei det rekna ut:

*Opphaldsrate:* Gjennomsnittleg tal døgnopphald per år, per 1 000 innbyggjarar.

*Døgnrate:* Gjennomsnittleg tal opphaldsdøgn per år, per 1 000 innbyggjarar.

*Varigheit av døgnopphaldet:* tal døgn per opphald per år


*Pasientrate:* Gjennomsnittleg tal døgnpasientar per år, per 1 000 innbyggjarar.

<sup>11</sup>Ved å slå saman døgnopphald med mindre enn åtte timar mellom, får vi færre og lengre opphald.

## Kapittel 4

# Resultat

I perioden 2014–2018 var årleg i gjennomsnitt over 265 000 innbyggjarar i Noreg i kontakt med psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling for ruslidingar. Gjennomsnittsalderen blant desse var 35 år. Figur 4.1 viser gjennomsnittleg aldersfordeling til innbyggjarane i Noreg, og for den delen av innbyggjarane som er inkludert i dette helseatlasen, d.v.s. innbyggjarar som i perioden var i kontakt med psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar.




Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.1:** Tal innbyggjarar i Noreg og tal pasientar i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling for ruslidingar og hos avtalespesialistar i psykisk helsevern samla, fordelt på alder. Gjennomsnitt per år for 2014–2018.

Av innbyggerane som var i kontakt med tenestene, og er inkludert i helseatlasen, var det 52 100 barn og unge i alderen 0-17 år, 195 000 vaksne i alderen 18-64 år og 18 100 eldre i alderen 65 år og eldre. Av alle pasientar inkludert i helseatlasen var 20 % barn og unge, og prosentdelen varierte frå 8 % i buområde Lovisenberg til 28 % i buområde Førde. Vaksne pasientar utgjorde 73 % av alle pasientane i helseatlasen, og prosentdelen varierte frå 66 % i buområde Førde til 89% i buområde Lovisenberg. Eldre pasientar utgjorde 7 % av alle pasientane, med størst prosentdel eldre pasientar (10 %) i buområda Nord-Trøndelag og Diakonhjemmet og minst (4 %) i buområde Lovisenberg.

Når vi såg på innbyggerane sin bruk av spesialisthelsetenester for psykiske lidningar og ruslidningar samla, ser vi at kvinner var i fleirtal i alle aldersgrupper i vaksen alder (figur 4.2). I yngre alder var gutane i fleirtal opp til 14 år, og når vi ser på tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar for seg, ser vi at menn dominerte i alle aldersgrupper (data ikkje vist).




Kjelde: NPR

HELSE FØRDE


**Figur 4.2:** Tal pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar i Noreg, fordelt på kjønn og aldersgrupper. Gjennomsnitt per år for perioden 2014-2018.

Det var stor forskjell på kor mange innbyggerar som var i kontakt med psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for ruslidningar i dei forskjellige buområda, frå omtrent 4 100 personar per år i buområde Finnmark til meir enn 23 000 i buområde Bergen (figur 4.3). Gjennomsnittsalderen varierte frå 32 år i buområde Helgeland til 38 år i buområde Diakonhjemmet. Prosentdelen av innbyggerane som var i kontakt med spesialisthelsetenesta på grunn av psykisk lidning eller ruslidning var derimot i gjennomsnitt 5 % både i landet og i dei aller fleste buområda. Buområda Lovisenberg (7 %), Vestfold og Telemark (6 %) hadde ein litt høgare prosentdel, og buområde Ahus ein litt lågare prosentdel (4 %).



**Figur 4.3:** Tal pasientar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (alle aldrar), fordelt på buområda. Gjennomsnitt per år for perioden 2014–2018.

Fordelt på mindre aldersgrupper ser vi i figur 4.4 at pasientar i aldersgruppa 31–50 år utgjorde den største pasientgruppa, mens pasientar 65 år og eldre var den minste. Vi ser i perioden 2014–2018 ein auke i tal pasientar i aldersgruppa 18 til 30 år, mens tal pasientar er stabil i dei andre aldersgruppene.



**Figur 4.4:** Samla tal pasientar i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar og hos avtalespesialistar i psykisk helsevern i Noreg over tid, fordelt på aldersgrupper.

I tabell 4.1 ser vi tal pasientar per 1 000 innbyggjarar i aktuell aldersgruppe for dei fem aldersgruppene. Dette er samla ratar for pasientar som har fått behandling i psykisk helsevern barn og unge, psykisk helsevern vaksne, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar eller hos avtalespesialistar i psykisk helsevern. Ratane i denne tabellen er, med unntak for den siste søyla, råatar, dvs. ikkje justert for alder og kjønn.

Ratane er i perioden gjennomgåande størst i aldersgruppa 18–30 år både for landet samla (76 pasientar per 1 000 innbyggjarar) og for buområda (frå 67 til 96 pasientar per 1 000 innbyggjarar), med unntak for Lovisenberg buområde der aldersgruppa 31–50 år hadde høgast pasientrate. Dette (31–50 år) er den nest største gruppa for landet samla (62 pasientar per 1 000 innbyggjarar) og for dei fleste områda (52 til 94 pasientar per 1 000 innbyggjarar). Førde og Helgeland utgjer eit unntak, med fleire pasientar per 1 000 innbyggjarar i aldersgruppa 0–17 år. I aldersgruppa 65 år og eldre er det Lovisenberg og Diakonhjemmet områda som utmerkar seg med 44 respektive 35 pasientar per 1 000 innbyggjarar, mens dei fleste områda låg kring landsgjennomsnittet på 21 pasientar per 1 000 innbyggjarar. Dei største forskjellane mellom buområda fann vi i dei to eldste aldersgruppene.

Den samla pasientraten varierar i buområda frå 44 pasientar per 1 000 innbyggjarar i buområde Ahus til 77 (rårate) / 74 (justert rate) i buområde Lovisenberg.

**Tabell 4.1: Psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar.** Pasientratar (tal pasientar per 1 000 innbyggjarar) for ulike aldersgrupper og samla. Årleg gjennomsnitt tal pasientar i kontakt med psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar for perioden 2014–2018. Justert samla pasientrate er justert for alder og kjønn.

Buområde	Pasientrate per aldersgruppe					Samla pasientrate	
	0-17 år	18-30 år	31-50 år	51-64 år	65 år +	Rårate	Justert
Finnmark	58,5	92,4	63,7	36,2	18,6	55,3	55,6
UNN	48,3	74,3	59,7	36,0	19,8	48,8	49,2
Nordland	54,3	82,3	56,5	33,9	22,9	50,0	51,0
Helgeland	64,7	94,1	61,2	37,2	14,8	53,6	55,8
Nord-Trøndelag	56,3	92,1	60,3	35,1	28,6	54,0	55,3
St. Olavs	48,9	84,1	60,9	37,6	21,7	52,9	52,1
Møre og Romsdal	47,9	76,0	55,0	34,2	24,3	47,6	48,4
Førde	62,4	72,7	58,7	37,8	18,2	50,4	51,5
Bergen	47,7	75,8	63,7	45,1	20,6	52,9	52,3
Fonna	44,0	71,9	57,3	38,0	20,3	47,1	47,6
Stavanger	43,1	69,9	53,4	37,2	24,5	47,7	46,8
Østfold	46,5	83,2	67,6	41,8	15,8	51,4	52,7
OUS	39,7	71,0	67,2	54,1	28,1	55,1	53,7
Lovisenberg	40,0	79,5	93,7	87,5	43,8	77,4	73,9
Diakonhjemmet	45,4	70,7	64,4	52,4	35,0	55,7	55,2
Ahus	39,4	66,9	52,2	38,2	18,7	44,2	44,1
Innlandet	51,1	88,9	71,2	45,2	17,2	53,8	56,4
Vestre Viken	40,8	77,6	60,3	42,5	18,2	48,3	49,1
Vestfold	52,8	96,1	71,1	45,9	20,3	57,2	58,7
Telemark	58,1	93,9	76,2	47,8	24,5	60,0	61,9
Sørlandet	44,9	84,7	71,5	43,9	22,0	54,9	55,3
Noreg	46,2	76,0	62,2	41,9	21,3	50,9	50,9




## 4.1 Barn og unge i psykisk helsevern

I 2014–2018 var årleg omtrent 52 100 barn og unge (0–17 år) i kontakt med psykisk helsevern, avtale-spesialist i psykisk helsevern og/eller i spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg. Tal barn og unge som var i kontakt med spesialisthelsetenestene, var relativt stabilt i perioden (figur 4.4). Det var flest gutar blant dei yngste i pasientgruppa, mens tal jenter var størst frå aldersgruppa 15–19 år (figur 4.2). I gjennomsnitt per år var 5 % av alle barn og unge (0–17 år) i Noreg i kontakt med spesialisthelsetenestene. Prosentdelen auka frå 1 % hos dei aller yngste, til 9 % for 17-åringane (figur 4.1).

Årleg hadde i gjennomsnitt 49 000 barn og unge ein eller fleire direkte polikliniske kontaktar (tabell 4.2), og knapt 1 800 var innlagt til døgnopphald (tabell 4.3) i dei nemnde spesialisthelsetenestene. Vi har her ikkje sett nærmare på kor mange pasientar som hadde berre indirekte kontaktar, eller på kor stor del av pasientane som hadde fleire typar behandling i løpet av året.

### 4.1.1 Poliklinisk behandling

Vi fann høgast pasienttratar i buområde med forholdsmessig lågt folketal, mens ratane i hovudstadsregionen tenderte til å vere lågare (figur 4.5). Gjennomsnittleg årsrate for 2014–2018 var høgast i buområde Helgeland med 58 pasientar per 1 000 innbyggjarar og lågast i Ahus (36). Gutane utgjorde mellom 52 og 58 % av pasientgruppa per buområde. Tal polikliniske barne- og ungdomspasientar per 1 000 innbyggjarar var relativt stabilt i dei fleste buområda i 2014–2018, men med ein tendens til auke i nokre buområde; Helgeland, Stavanger, Vestfold og Fonna. Buområde med høgast og lågast pasienttratar var uendra; om vi såg berre på pasientratane for 2018 eller på gjennomsnittsraten for heile perioden. Vi fann at variasjonen i pasienttratar var relativt liten, men større enn kva vi kan vente frå tilfældigheiter (tabell 4.17 i kapittel 4.4).



Kjelde: NPR/SSB


**Figur 4.5: Pasientrate** for poliklinisk behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal barn- og unge pasientar (0–17 år) per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Tabellen viser prosentvis fordeling; jenter til venstre, gutar til høgre. Ratane er justert for alder og kjønn.

### Polikliniske kontaktar

Barn og unge hadde gjennomsnittleg 584 000 polikliniske kontaktar i psykisk helsevern (PHV-BU og PHV-V samla), hos avtalespesialistar i psykisk helsevern og/eller i tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar per år i 2014–2018 (tabell 4.2).

Gjennomsnittleg årsrate for Noreg i 2014–2018 var 517 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar i perioden. Årleg kontaktrate endra seg noko frå år til år i fleire av buområda, og med ein liten nedgang for Noreg (figur 4.6).<sup>12</sup>

For barn og unge varierte gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate mellom buområda frå 726 i St. Olavsområdet til 429 i Fonnaområdet per år, når vi ser på heile perioden 2014–2018. Variasjonen i poliklinisk kontaktrate mellom buområda var relativt liten (figur 4.6 og tabell 4.16). Poliklinisk kontaktrate for 2018 viser registrerte polikliniske kontaktar etter innføringa av ISF for poliklinikk og innføring av nytt journalsystem i alle helseføretaka. Høgast kontaktrate i 2018 hadde barn og unge frå buområda Helgeland (683), Vestfold (671) og Lovisenberg (663), mens barn og unge frå Nord-Trøndelag fekk 389 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar (figur 4.7). For Noreg var kontaktraten 490 i 2018.




Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.6: Kontaktrate** for poliklinisk behandling for barn og unge (0–17 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

<sup>12</sup>Nedgangen vi ser i nokre av buområda kan skuldast innføring av nytt pasientjournalsystem i barne- og ungdomspsykiatrien, og ikkje ein faktisk reduksjon i aktivitet (Helsedirektoratet, 2018). Vi ser dette tydeleg for Helse Midt-Norge i 2018, og for Ahus og Innlandet i 2016.



**Figur 4.7: Kontaktrate** for poliklinisk behandling for barn og unge (0–17 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser kontaktratar for 2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

Dei fleste polikliniske kontaktane for barn og unge blei utført i psykisk helsevern. Prosentdel poliklinisk kontaktrate utført i det offentlege varierte frå 87 til nær 100 %. Buområde Telemark skilde seg ut; avtalespesialistane stod for omtrent 13 % av dei polikliniske kontaktane for barn og unge.

Når vi såg regionvis på gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate per år i 2014–2018, fann vi høgast rate for barn og unge i Midt-Norge (590), deretter Sør-Øst (510) og Nord (510), mens barn og unge i Vest hadde lågast polikliniske kontaktrate (468) per år (ikkje publiserte data).

For landet samla fann vi for 2014–2018 at jentene (0–17 år) hadde ein høgare gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate per år enn gutane. Kontaktratane var 537 for jenter og 498 for gutar i gjennomsnitt per år. For 2018 var årsratane for polikliniske kontaktar 517 for jenter og 464 for gutar.

I 2014–2018 hadde jentene gjennomsnittleg mellom 423 og 748 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år, avhengig av kva buområde dei tilhørte. For gutane varierte tilsvarande kontaktratar mellom 402 og 707 fordelt på buområda.

*Polikliniske kontaktar per pasient* Barn og unge hadde i gjennomsnitt mellom 8,3 og 16 polikliniske kontaktar per pasientar per år i 2014–2018. Flest kontaktar per pasient fann vi for barn og unge i buområde St. Olavs og færrest i Førde-området. For Noreg samla blei det årleg i gjennomsnitt gitt 12 polikliniske kontaktar per barne- og ungdomspasient (tabell 4.2).

**Tabell 4.2: Poliklinisk behandling for barn og unge i psykisk helsevern** og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld barn og unge i alderen 0-17 år.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
St. Olavs	48 121	3 113	15,5
Vestfold	32 916	2 342	14,1
Diakonhjemmet	14 949	1 074	13,9
OUS	29 198	2 124	13,7
Ahus	60 537	4 413	13,7
Møre og Romsdal	34 131	2 653	12,9
Vestre Viken	51 565	4 157	12,4
Lovisenberg	9 340	803	11,6
Nordland	16 895	1 491	11,3
Telemark	21 138	1 909	11,1
Innlandet	38 810	3 529	11,0
Bergen	48 306	4 457	10,8
Stavanger	39 040	3 613	10,8
Sørlandet	30 315	2 847	10,6
Østfold	28 836	2 722	10,6
Helgeland	10 375	989	10,5
Fonna	18 324	1 758	10,4
UNN	17 735	1 786	9,9
Nord-Trøndelag	14 191	1 573	9,0
Finnmark	7 581	859	8,8
Førde	11 690	1 401	8,3
Noreg	583 992	49 094	11,9

### Indirekte kontaktar


I 2014–2018 blei det gjennomsnittleg registrert 274 000 indirekte polikliniske kontaktar per år, knytt til barn og unge ved psykisk helsevern eller rusbehandling i Noreg. Dette utgjorde 32 % av alle polikliniske kontaktar. I buområde Finnmark utgjorde indirekte kontaktar 43 % av alle polikliniske kontaktar for barn og unge, mens dei indirekte kontaktane utgjorde 24 % i Nordland og Møre og Romsdal (tabell A.1).

Tal registrerte indirekte kontaktar per 1 000 innbyggjarar endra seg til dels mykje i mange av buområda i perioden 2014–2018.<sup>13</sup> Gjennomsnittleg årsrate for Noreg var 243. Høgast indirekte kontaktrate fann vi i Vestfold-området med gjennomsnittleg 357, og lågast i Fonna-området med 154 kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år (figur 4.8).

Indirekte kontaktrate gjekk ned i dei fleste av buområda i 2018. Indirekte kontaktar berre for 2018, hadde årsratar på 261 i buområde Bergen til 120 i Møre og Romsdal (figur 4.8).

For aldersgruppa 0–17 år fann vi ein auke i tal telefonsamtalar *med* pasientane frå 29 000 i 2016 til 97 000 i 2018. Telefonmøter *om* pasienten med førstelinjetenesta auka (frå 5 500 til 53 000), mens registrerte «telefonar» blei sterkt redusert frå 108 000 i 2016 til 24 000 i 2018. Tal samarbeidsmøter *om* pasienten med førstelinjetenesta og anna teneste auka tydeleg i treårsperioden (frå 2 500 til 23 000), mens det blei

<sup>13</sup>Frå 2017 blei finansieringa av poliklinisk aktivitet i psykisk helsevern for barn og unge endra, med innføring av innsatsstyrt finansiering (ISF). Samtidig blei kodereglar og kodepraksis endra. Endringane kan ligge til grunn for endringar vi ser for indirekte kontaktratar, og for registrering av *type* indirekte kontakt. Mellom anna har ei omlegging til at indirekte kontaktar, for eksempel telefon- eller videosamtalar med pasient som har karakter av ein konsultasjon, kan reknast som ordinær konsultasjon.



Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.8: Kontaktrate for indirekte kontakter i poliklinisk behandling** for barn og unge (0-17) år i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontakter per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.


registrert få indirekte kontakter per telemedisin og tele-/videokonferanse (omtrent 120 i 2018).

### Alderssegment

Ved å dele barne- og ungdomspasientane i tre aldersgrupper, fann vi at dei yngste, barn på 0-5 år, hadde færrest polikliniske kontakter per 1 000 innbyggjarar. Gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate for Noreg var 92 per år, varierende frå 212 for barna i Vestfold-området til 37 i Finnmark (figur 4.9). Variasjonen mellom buområda i poliklinisk kontaktrate var stor, og større for desse minste borna enn i dei to andre aldersgruppene (tabell 4.16). Jentene 0-5 år hadde mellom 31 og 122 i gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate per år, og for gutane varierte ratane frå 44 til 297 (figur A.1 og A.2).

Barn i aldersgruppa 6-12 år hadde i Noreg ein gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate på 524 per år. Kontaktraten var høgast i buområde St. Olavs med 750, og lågast i buområde Sørlandet med 377 kontakter per 1 000 innbyggjarar (figur 4.9). Variasjonen i kontaktarar var moderat (tabell 4.16). Også i alderen 6-12 år hadde gutane fleire polikliniske kontakter enn jentene. Kontaktratane varierte mellom 502 og 995 for gutane, og mellom 246 og 502 per år for jentene (figur A.1 og A.2).

For barn og unge i alderen 13-17 år i Noreg fann vi gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate på 1 006 per år. Det var med andre ord i dette alderssegmentet at tal polikliniske kontakter per 1 000 innbyggjarar var størst. Ved St. Olavs var kontaktraten gjennomsnittleg 1 469, mens i Fonna var den 731 per år (figur 4.9). For tenåringane (13-17 år) var variasjonen i poliklinisk kontaktrate relativt liten mellom buområda (tabell 4.16). Jentene hadde høgast poliklinisk kontaktrate med frå 973 til 1927 i gjennomsnitt per år, og for gutane fann vi mellom 502 og 1034 polikliniske kontakter per år og buområde (figur A.1 og A.2).



**Figur 4.9: Kontaktrate, inndeling i aldersgrupper.** Poliklinisk kontaktrate for behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontakatar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet i aldersgruppene 0-5 år, 6-12 år og 13-17 år. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.


### 4.1.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for barn og unge

- Barn og unge var med 49 000 pasientar årleg den nest største pasientgruppa i dette helseatlas- set. Variasjonen mellom buområda i poliklinisk behandling var liten både for kontaktratar og pasientratar. Kontaktratane i buområda varierte mellom 429 og 726.
- Nedgangen i poliklinisk kontaktrate for Noreg i 2018 kan vere påverka av både innføring av nytt journalsystem i nokre helseføretak i perioden, og ein auke i tenestetilbodet for barn og unge si psykiske helse i kommunane.
- Det var store skilnader i kor mange polikliniske kontaktar barn og unge pasientar fekk per år; omtrent det doble i område med flest kontaktar som i område med færrest kontaktar per pasient.
- Når vi trekte ut aldersgruppa 13-17 år, der jenter var i fleirtal, fann vi at kontaktraten her (1 005) var den høgaste i dette helseatlas- set, og høgare enn tilsvarende ratar for vaksne og eldre.
- Dei registrerte *typar* indirekte kontaktar gikk i retning av fleire telefonsamtalar *med* pasientane og samarbeidsmøter *om* pasientane. Endringane kan henge saman med innføring av innsatsstyrt finansiering (ISF), og større fokus på koding også av indirekte kontaktar.

Vi fann ulike mønster for bruk av poliklinikkane i ulike buområde. For eksempel hadde barn og unge frå buområde Førde relativt høg kontaktrate for barn i gruppa 0–5 år. I buområda Vestfold og Diakonhjemmet hadde barn og unge relativt høg kontaktrate i alle alderssegment, mens i buområda Helgeland og OUS var kontaktratane høge frå tenåra.

### 4.1.3 Døgnbehandling

*Pasientrate* Fordelt på buområda varierte gjennomsnittleg tal barn og unge i døgnopphald mellom 4,0 i Finnmark og 0,7 i Ahus per 1 000 innbyggjarar og år i perioden 2014–2018. Pasientratane var relativt høge for alle buområda i Nord-Norge, og låge i Helse Sør-Øst. Breie konfidensintervall betyr at få pasientar til grunn for ratane. Variasjonen var stor og større enn det vi kan vente frå tilfeldigheiter (figur 4.10 og tabell 4.19).



**Figur 4.10: Pasientrate** for døgnbehandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal barn- og unge pasientar (0–17 år) per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Opphaldsrate* Barn og unge i Noreg hadde samla knapt 2 600 døgnopphald i psykisk helsevern per år i 2014–2018 (tabell 4.3). Opphaldsraten var stabil i perioden, med i gjennomsnitt 2,3 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar og år.<sup>14</sup>


Barn og unge frå Nord-Norge hadde flest døgnopphald per 1 000 innbyggjarar (figur 4.11). I Finnmark auka opphaldsraten til 7,0 i 2018, mens gjennomsnittleg opphaldsrate per år i 2014–2018 var 5,8. Opphaldsratane for barn og unge frå Oslo- og Oslo-nære område var lågast, med gjennomsnittleg opphaldsrate per år på 1,1 i buområde Ahus. Variasjonen i opphaldsratar mellom buområda var særleg stor.

*Døgnrate* Barn og unge i Noreg hadde i gjennomsnitt 61 døgn i institusjon, per 1 000 innbyggjarar og år i 2014–2018 (figur 4.12). Døgnraten var stabil for Noreg, men endra seg til dels mykje mellom åra i dei ulike buområda. Vi fann låge døgnratar i Helse Midt-Norge. Døgnraten varierte mellom 40 på Sørlandet til 175 for barn og unge frå Helgeland- og 154 i Finnmark-områda.


*Varigheit på døgnopphalda* (døgn per opphald) var lengst i Oslo-områda som alle hadde over 45 døgn per opphald per år i 2014–2018. Gjennomsnittleg varigheit på døgnopphalda varierte frå 67 døgn i buområde Lovisenberg til 14 døgn per opphald Nord-Trøndelag (tabell 4.3).

<sup>14</sup>Per år blei gjennomsnittleg 33 opphald som varte lengre enn 365 døgn ekskludert frå vidare analysar





**Figur 4.11: Opphaldsrate** for døgntilleg for barn og unge (0-17 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntilleg per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Figur 4.12: Døgntilleg** for barn og unge (0-17 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntilleg per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

**Tabell 4.3: Døgnbehandling for barn og unge** i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld barn og unge i alderen 0-17 år.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
Lovisenberg	13	1 000	15	67,0
OUS	59	4 871	79	62,0
Ahus	80	5 589	114	48,9
Diakonhjemmet	23	1 530	33	46,9
Vestre Viken	111	6 043	146	41,3
Helgeland	43	2 165	57	38,0
Telemark	65	3 355	91	36,9
Innlandet	145	7 652	214	35,8
Vestfold	47	2 053	64	32,1
Nordland	78	2 974	104	28,7
Finnmark	68	2 498	97	25,7
Fonna	79	2 415	98	24,7
Stavanger	127	4 379	201	21,8
St. Olavs	98	3 102	148	21,0
Østfold	99	4 153	198	21,0
UNN	94	2 988	148	20,1
Sørlandet	80	2 403	131	18,3
Møre og Romsdal	128	2 913	172	17,0
Førde	43	1 175	70	16,9
Bergen	189	4 511	284	15,9
Nord-Trøndelag	103	1 675	117	14,3
Noreg	1770	69 444	2 581	26,9

#### 4.1.4 Hovudfunn - døgnbehandling for barn og unge

- Variasjonen i både opphaldsratar og pasientratar var særleg stor for barn og unge, og opphaldsraten varierte mellom 1 og 6 i gjennomsnitt per år. Det var imidlertid få barn og unge innlagt til døgnbehandling; gjennomsnittleg 1770 pasientar per år. Barn og unge i Finnmark hadde høgast både pasientrate og opphaldsrate.
- Det var markante forskjellar i varigheit av oppholda med i gjennomsnitt 14 døgn per opphold i buområde Nord-Trøndelag mot opp til 67 døgn per opphald i Helse Sør-Øst der opphaldsraten var lågast.
- Også pasientratane varierte særst mykje mellom buområda, og var høgast i buområda i Helse Nord, og Nord-Trøndelag.

#### 4.1.5 Samla vurdering for barn og unge

Ressursmessig kan fire polikliniske kontaktar tilsvare eitt døgn i institusjon. Ved å sjå på poliklinikk og døgn samla på denne måten, fann vi at barn og unge frå Helgeland låg høgast i bruk av tenestene, men at også barn og unge frå Finnmark-, Diakonhjemmet-, Lovisenberg- og Nordland-områda låg høgt. Vi fann med andre ord ein noko større bruk av tenestene i delar av region Nord, og i Oslo. Ut frå kunnskapen vi sit med i dag, kan vi ikkje konkludere sikkert angående om variasjonen i bruk av tenestene var uønska.

## 4.2 Vaksne i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar


I 2014–2018 var kvart år over 195 000 vaksne (18–64 år) i kontakt med psykisk helsevern, avtalespesialist psykisk helsevern og/eller sektoren tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Pasientane utgjorde 6 % av dei vaksne innbyggerane i Noreg, varierende frå 9 % ved 18 år til 3 % ved 64 år. Kvinnene utgjorde omtrent 57 % av pasientane (figur 4.1 og 4.2).

Tal vaksne pasientar per år auka i perioden. Auken skjedde hovudsakelig for pasientar i alderssegmentet 18–30 år med omtrent 10 000 pasientar (frå 62 815 til 72 824) i løpet av dei fem åra. For alderssegmenta 31–50 og 51–64 år var pasientvoluma meir stabile med omtrent 90 000 og 37 000 pasientar per år (figur 4.4).

Kvart år var det i gjennomsnitt over 181 000 vaksne pasientar som hadde ein eller fleire polikliniske kontaktar (tabell 4.4), og 27 700 som var innlagt til eitt eller fleire døgnopphald i dei nemnde spesialisthelsetenestene i 2014–2018 (tabell 4.7). Dei fleste pasientane fekk med andre ord kun poliklinisk behandling, nokre hadde både poliklinisk og døgnbehandling, mens få mottok kun døgnbehandling.

### 4.2.1 Poliklinisk behandling

Tal vaksne polikliniske pasientar per 1 000 innbyggjarar var stabilt i dei fleste buområda i perioden. Fem av buområda med høgast gjennomsnittleg pasientrate per år var i Helse Sør-Øst. Med 83 pasientar per 1 000 innbyggjarar hadde buområde Lovisenberg tydeleg høgast pasientrate. Lågast poliklinisk pasientrate (48) hadde buområda Stavanger og Ahus. Variasjonen i pasientratar mellom buområda var liten, men større enn det som skuldast tilfeldig variasjon (figur 4.13).




**Figur 4.13: Pasientrate** for poliklinisk behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal vaksne pasientar (18–64 år) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

### Polikliniske kontaktar

Vaksne i Noreg hadde nær 2 250 000 polikliniske kontaktar per år i 2014–2018, når vi summerer tal kontaktar frå psykisk helsevern, avtalespesialistar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (tabell 4.4). Poliklinisk kontaktrate for vaksne var relativt stabil i Noreg i 2014–2018, med i gjennomsnitt 696 kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år. Vi fann likevel ein auke i kontaktrate for vaksne frå Vestfold, Bergen og Fonna (figur 4.14).

Saman med vaksne frå dei to største by-områda, hadde vaksne frå Vestfold- og Sørlandetområda høgast bruk av polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år i 2014–2018. Vaksne innbyggjarar i buområde Lovisenberg hadde tydeleg fleire polikliniske kontaktar enn i resten av landet med gjennomsnittleg 1 229 kontaktar per 1 000 innbyggjarar per år. Innbyggjarane i Finnmark (473) og Førde (461) hadde lågast gjennomsnittleg årleg kontaktrate (figur 4.14). Vi vurderte at variasjonen i poliklinisk kontaktrate for vaksne var moderat (tabell 4.16).




**Figur 4.14: Kontaktrate** for poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontaktar per pasient* Flest polikliniske kontaktar per pasient fann vi i buområda Bergen og Lovisenberg med i overkant av 14 kontaktar per år. Færrest kontaktar per pasient fann vi i Førde (8,7) og Finnmark (8,3) (tabell 4.4). Kvar pasient fekk omtrent like mange polikliniske kontaktar enten dei var til behandling hos avtalespesialist eller i det offentlege, når vi ser på heile landet (tabell A.2). Unntak frå dette var mellom anna dei som budde i Bergen- eller Sørlandetområda, der vi fann at pasientane fekk fleire av kontaktane i det offentlege. Pasientar frå andre buområde i landet (Oslo og omegn, og tre av buområda i Helse Nord) fekk fleire polikliniske kontaktar dersom dei hadde behandling hos avtalespesialist.

**Tabell 4.4: Poliklinisk behandling for vaksne i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar.** Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld vaksne i alderen 18-64 år.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
Bergen	248 245	16 687	14,9
Lovisenberg	136 742	9 413	14,5
OUS	144 273	10 596	13,6
Diakonhjemmet	71 913	5 411	13,3
Vestfold	120 134	9 166	13,1
Stavanger	143 518	11 052	13,0
Ahus	195 589	15 285	12,8
Sørlandet	141 155	11 221	12,6
St. Olavs	139 824	11 514	12,1
Vestre Viken	190 112	16 236	11,7
Innlandet	157 191	14 064	11,2
Telemark	76 198	6 840	11,1
Møre og Romsdal	88 230	7 943	11,1
UNN	66 688	6 074	11,0
Helgeland	28 792	2 670	10,8
Nordland	44 055	4 282	10,3
Fonna	56 794	5 537	10,3
Nord-Trøndelag	44 209	4 418	10,0
Østfold	102 330	10 369	9,9
Førde	28 856	3 310	8,7
Finnmark	21 857	2 619	8,3
Noreg	2 246 703	180 897	12,4



Kjelde: NPR/SSB

**Figur 4.15: Intensitet** i poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Søylen viser gjennomsnittsverdiar for 2014-2018.

*Intensitet* i poliklinisk behandling blei her målt ved gjennomsnittleg tal polikliniske kontaktar i 30-dagersperiodar. Ein gjennomsnittleg poliklinisk behandlingsintensitet på mellom 3,5 og 4,5 var vanleg i fleire av buområda i 2014–2018. For vaksne frå buområde Sørlandet var intensiteten 4,9 mens lågast intensitet opplevde vaksne i Førde (3,1) og Finnmark (2,8) (figur 4.15).

### Indirekte kontaktar

I 2014–2018 blei det per år i gjennomsnitt registrert over 584 000 indirekte polikliniske kontaktar knytt til vaksne pasientar ved psykisk helsevern eller rusbehandling i Noreg. Dette utgjorde 21 % av alle polikliniske kontaktar. Av alle polikliniske kontaktar for vaksne utgjorde indirekte kontaktar omtrent 27 % per år i buområde Fonna og Stavanger og 15 % i Bergen (tabell A.3).

Tal indirekte kontaktar per 1 000 innbyggjarar var stabilt i Noreg i 2014–2018, og med ein gjennomsnittleg årsrate på 181. Høgast indirekte kontaktrate fann vi i Lovisenbergområdet med gjennomsnittleg 297, og lågast i Førde-området med 121 kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år. Vi fann at årsratane for indirekte kontaktar endra seg særleg mykje i Vestfold- og Finnmark-områda i perioden (figur A.3).

Når det gjeld *type* indirekte kontakt, fann vi ein auke i tal telefonsamtalar *med* pasientar frå omtrent 146 000 i 2016 til 263 000 i 2018, og telefonmøter *om* pasientar med førstelinjetenesta frå 21 500 til nær 106 000.<sup>15</sup> Registrerte «telefonar» utan vidare spesifisering, blei samtidig redusert frå 250 000 til 79 000. Tele-videokonferansar og telemedisin hadde eit lite omfang i perioden, men auka frå omtrent 400 i 2016 til 900 i 2018. Det er forventa at indirekte kontaktar med pasientar vil auke i tida framover, og kan erstatte at pasientane er fysisk til stades i konsultasjonane. Eit anna område der vi fann sterk auke i indirekte kontaktar var samarbeidsmøte med førstelinjetenesta og anna teneste; tal kontaktar auka fire gonger til 33 000 i 2018.


### Alderssegment

For vaksne 18–30 år fann vi at gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate for Noreg var 871 per år, og med ein auke frå 2014 til 2018. For pasientar i mange buområde auka poliklinisk kontaktrate tydeleg frå 2014 til 2015. Høgast gjennomsnittleg kontaktrate per år hadde vaksne i Vestfold-området (1 163), og lågast i buområde Førde (589) (figur 4.16).

I både aldersgruppa 31–50 år og 51–64 år fann vi at vaksne frå buområde i Oslo og Bergen, saman med andre buområde med bykommunar (Vestfold, Sørlandet) tenderte til å ha høgare poliklinisk kontaktrate enn vaksne frå område som er mindre tett befolka. For begge aldersgruppene hadde buområde Lovisenberg høgast poliklinisk kontaktrate (31–50 år: 1 432 og 51–64 år: 1 201). Auken i poliklinisk kontaktrate i Lovisenbergområdet kan skuldast eit godt utbygd tilbod innan Raskere tilbake (sjå meir om Raskere tilbake i kapittel 5.2). Lågast poliklinisk kontaktrate fann vi for vaksne i Finnmark (31–50 år: 465 og 51–64 år: 199) (figur 4.16). Vi ser at poliklinisk kontaktrate gikk tydeleg ned for pasientar 50 år og eldre i dei fleste buområda.

Ved å splitte vaksengruppa (18–64 år) på fleire alderssegment fann vi færre polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar i det høgaste alderssegmentet (51–64 år), og at variasjonen innad i alderssegmenta blei større ved høgare alder (tabell 4.16); frå liten variasjon hos unge vaksne, til stor i gruppa 51–64 år.

<sup>15</sup> Telefonsamtalar med karakter av ein konsultasjon, og som kom i staden for ein ordinær konsultasjon, kan frå 2017 inngå i berekningsgrunnlaget.



**Figur 4.16: Kontaktrate, inndeling i aldersgrupper.** Poliklinisk kontaktrate for behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontakatar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet i aldersgruppene 18-30 år, 31-50 år og 51-64 år. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

## Sektorar

Dei vaksne pasientane hadde prosentvis flest polikliniske kontaktar i sektoren psykisk helsevern (PHV-V og PHV-BU samla), varierende frå 88 % av kontaktane i buområda Finnmark og Helgeland, til mindre enn 50 % i Bergen og Diakonhjemmet. Prosentvis størst bruk av avtalespesialistar hadde vaksne i hovudstadsområda Diakonhjemmet (43 %), OUS (37 %) og Lovisenberg (34 %). Prosentvis lågast bruk, var det nord i landet der innbyggerane både i Finnmark og Helgeland hadde 8 % av kontaktane hos avtalespesialist (figur 4.17).

For innbyggerane i buområda Bergen, Vestfold og Fonna blei meir enn 20 % av polikliniske kontaktar for vaksne registrert ved sektoren tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB). Lågast prosentdel av registrerte polikliniske kontaktar ved TSB (mindre enn 5 %) fann vi i buområde i Nord (Finnmark, Nordland, Helgeland) og Vest (Førde) (figur 4.17).



Kjelde: NPR/SSB




**Figur 4.17: Kontaktrate, inndeling etter sektor.** Poliklinisk kontaktrate for vaksne (18-64 år), fordelt på buområde og landet, med prosentvis inndeling av behandling i sektorane psykisk helsevern (PHV), tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) og avtalespesialistar - psykisk helsevern (Avt). Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

## Rusliding


I Noreg hadde årleg omtrent 25 000 vaksne med rusliding minst ein poliklinisk kontakt i psykisk helsevern (PHV-V og PHV-BU), tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller hos avtalespesialist psykisk helsevern i perioden 2014-2018 (tabell 4.5). Sjå vedlegg B for definisjon av rusliding.

*Pasientraten* for vaksne med ruslidingar låg for fleire buområde mellom 5 og 11 per år. Tydeleg høgast tal polikliniske pasientar med rusliding per 1 000 innbyggerar fann vi i buområde Lovisenberg, med ein pasientrate på 17. Lågast pasientrate fann vi for buområde Finnmark (4,4). Variasjonen i pasientratar var stor, og større enn det som kjem frå tilfeldigheter (figur 4.18 og tabell 4.17).





**Figur 4.18: Pasientrate, vaksne med rusliding i poliklinisk behandling.** Tal vaksne (18-64 år) med rusliding per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Figur 4.19: Kontaktrate, vaksne med rusliding i poliklinisk behandling.** Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontaktrate* For vaksne med rusliding fann vi gjennomsnittleg nær 300 000 polikliniske kontaktar per år for Noreg (tabell 4.5), eller 93 kontaktar per 1 000 innbyggjarar.<sup>16</sup> Gjennomsnittleg årleg kontaktratar var tydeleg høgare for vaksne i buområda Lovisenberg og Bergen (212). Årleg kontaktrate endra seg mykje i fleire av buområda i perioden. Gjennomsnittleg kontaktrate var lågast i buområde Førde og buområda i Helse Nord. Vaksne i Finnmark hadde ein kontaktrate på 27. Variasjonen mellom buområda i polikliniske kontaktratar for vaksne med rusliding var særleg stor (figur 4.19 og tabell 4.16).

*Kontaktar per pasient* med rusliding var i gjennomsnitt 23 per år i buområde Bergen, mens vaksne med rusliding frå Finnmark hadde færrest med 6,2 kontaktar i gjennomsnitt (tabell 4.5).

I Noreg blei 77 % av kontaktane for vaksne pasientar med rusliding som hovud- eller bitilstand, gjennomført i sektoren tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) i 2014–2018. 11 % av kontaktane skjedde i psykisk helsevern.<sup>17</sup>

Pasientar med rusliding frå buområda Bergen og Østfold fekk omtrent alle dei polikliniske kontaktane utført ved TSB (91 og 88 % av kontaktane). I buområde Førde skjedde berre 18 % av kontaktane for pasientar med ruslidingar ved TSB, mens 80 % skjedde i psykisk helsevern. Relativt få polikliniske kontaktar blei gjennomført hos avtalespesialistane for denne pasientgruppa. Vi fann likevel at pasientane frå buområde Nordland fekk 6 % av kontaktane gjennomført der (ikkje publiserte data).

**Tabell 4.5: Poliklinisk behandling for vaksne med rusliding.** Inkluderer kontaktar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld vaksne i alderen 18-64 år.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
Bergen	59 542	2 644	22,5
Vestfold	17 569	1 372	12,8
Lovisenberg	21 644	1 704	12,7
Stavanger	22 782	1 803	12,6
Sørlandet	23 799	1 914	12,4
Fonna	11 059	988	11,2
OUS	16 950	1 590	10,7
Diakonhjemmet	8 769	832	10,5
St. Olavs	13 720	1 312	10,5
Møre og Romsdal	7 516	762	9,9
Ahus	20 102	2 068	9,7
Østfold	15 843	1 666	9,5
Vestre Viken	18 833	1 984	9,5
Telemark	9 364	1 046	9,0
UNN	4 923	554	8,9
Innlandet	14 418	1 661	8,7
Helgeland	2 066	242	8,5
Nord-Trøndelag	4 022	509	7,9
Førde	2 302	328	7,0
Nordland	2 869	432	6,6
Finnmark	1 258	204	6,2
Noreg	299 349	25 027	12,0


<sup>16</sup>Utlevering av legemiddel ved LAR-behandling, utan anna poliklinisk kontakt, inngår ikkje i teljinga.

<sup>17</sup>Vaksne med rusliding som hovuddiagnose fekk 88 % av kontaktane utført ved TSB, og 21 % ved psykisk helsevern.

### Alvorleg psykisk lidning

Kvart år hadde knapt 20 000 vaksne pasientar med alvorleg psykisk lidning minst ein poliklinisk kontakt ved psykisk helsevern (PHV-V og PHV-BU), tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller avtalespesialist psykisk helsevern, i 2014–2018 (tabell 4.6). Sjå vedlegg B for definisjon av alvorleg psykisk lidning.

*Pasientrate* Med i gjennomsnitt 11 vaksne med alvorleg psykisk lidning per 1 000 innbyggjarar per år, hadde vaksne i buområde Lovisenberg tydeleg høgast poliklinisk pasientrate. Lågast pasientrate var det i Østfold (4,4) (figur 4.20). Variasjonen i pasientratar var liten, men større enn det som kjem frå den tilfeldige variasjonen (tabell 4.17).




**Figur 4.20:** Pasientrate, vaksne med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling. Tal vaksne (18-64 år) med alvorleg psykisk lidning per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontaktrate* Vaksne med alvorleg psykisk lidning hadde samla omtrent 308 000 polikliniske kontaktar per år i Noreg. Tal polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar var stabil i 2014–2018, med ein gjennomsnittleg årsrate på 95 (figur 4.21 og tabell 4.6).

Poliklinisk kontaktrate for vaksne med alvorleg psykisk lidning var tydeleg høgast i Lovisenbergområdet, med i gjennomsnitt 262 kontaktar per 1 000 innbyggjarar per år. I fire buområde (Helgeland, Østfold, Førde og Finnmark) var kontaktraten 60 eller lågare. Særleg få polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar hadde pasientar med alvorleg psykisk lidning i Finnmark (43) (figur 4.21 og tabell 4.16). Variasjonen mellom buområda var stor; sett vi bort frå Lovisenbergområdet meir moderat.


*Kontaktar per pasient* med alvorleg psykisk lidning varierte mellom 23 i Lovisenbergområdet og 7,7 i Finnmarkområdet i årleg gjennomsnitt for 2014–2018 (tabell 4.6). Skilnaden i kontaktar per pasient vil kunne forklare noko av variasjonen i kontaktratar.



**Figur 4.21: Kontaktrate, voksne med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling.** Tal kontakter per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

**Tabell 4.6: Poliklinisk behandling for voksne med alvorleg psykisk lidning.** Tal kontakter, tal pasientar og kontakter per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og gjeld kontakter i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar for voksne (18-64 år).

Buområde	Tal kontakter	Tal pasientar	Kontakter per pasient
Lovisenberg	25 402	1 099	23,1
Sørlandet	22 982	1 097	20,9
St. Olavs	21 546	1 213	17,8
Stavanger	26 369	1 514	17,4
Diakonhjemmet	10 733	634	16,9
OUS	20 739	1 241	16,7
Møre og Romsdal	14 424	908	15,9
Bergen	30 580	2 014	15,2
Telemark	10 508	699	15,0
UNN	8 696	596	14,6
Ahus	23 086	1 589	14,5
Vestfold	13 919	965	14,4
Østfold	10 258	766	13,4
Vestre Viken	24 891	1 874	13,3
Fonna	8 774	684	12,8
Nord-Trøndelag	6 248	511	12,2
Innlandet	15 905	1 313	12,1
Nordland	4 976	428	11,6
Helgeland	2 677	249	10,8
Førde	3 461	329	10,5
Finnmark	1 971	255	7,7
Noreg	308 145	19 586	15,7


DPS- og RHF-område <sup>18</sup>

**Figur 4.22: Kontaktrate fordelt på DPS-område og RHF.** Poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn. Stjerne: fleire DPS-område er slått saman, sjå vedlegg B.

<sup>18</sup>Pasientane er fordelt på DPS-a sine «opptaks»-område (DPS-område), ut frå kva kommune eller bydel dei bur i, uavhengig av kvar dei blei behandla.

Vurdert ut frå kontaktratane per DPS-område, fann vi tendens til høgare bruk av tenestene i byområda, og DPS-områda Lovisenberg i Oslo og Kronstad i Bergen skil seg tydeleg ut med høgast ratar. I Sør-Øst var bruken av tenestene høgast i bydelar i Oslo og i Kristiansand, men også i DPS-områda Nordre og Søndre Vestfold, og Kongsvinger var kontaktratane høge. I Vest hadde innbyggjarane i Bergen, og i Midt-Norge Trondheim, høgast bruk av poliklinikk. I Nord var tendensen til høgare bruk i byområde mindre tydeleg. Lågast poliklinisk kontaktrate for vaksne, fann vi i nokre av DPS-områda i Vest og Nord, med lågast rate for Vesterålen (figur 4.22 og 4.23). Variasjonen i poliklinisk kontaktrate mellom DPS-områda har vi vurdert til å vere moderat (tabell 4.16).

Ser vi regionvis på dei polikliniske kontaktratane for vaksne, fann vi høgaste gjennomsnittleg rate per år i Helse Sør-Øst-området med 721 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar i 2014–2018. I Helse Vest-området hadde dei vaksne innbyggjarane ein poliklinisk kontaktrate på 651 per år, mens kontaktratane for vaksne buande i Midt-Norge var 573, og for vaksne i Helse Nord-området 550 i gjennomsnitt per år (figur 4.22). Vaksne frå Sør-Øst-området hadde høgare gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate enn i dei andre regionane. Innad i regionane var den observerte variasjonen noko større i Helse Vest enn i dei andre regionane.



**Figur 4.23: Kontaktrate fordelt på DPS-område og RHF.** Poliklinisk behandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område. Kartet viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Helse-Nord* Fordelt på DPS-områda fann vi høgaste og lågaste polikliniske kontaktrate hos vaksne i Ytre Helgeland med gjennomsnittleg 777 og i Vesterålen med 362 kontaktar per 1 000 innbyggjarar og år (figur 4.22).

*Helse Midt-Norge* Høgast og lågast poliklinisk kontaktrate i DPS-områda fann vi i Tiller og Nidaros med 765 og Orkdal med 378 kontaktar per 1 000 innbyggjarar (figur 4.22).

*Helse Vest* hadde tydeleg flest kontaktar for vaksne frå DPS-området Kronstad med 1 206 per 1 000 innbyggjarar. Lågast poliklinisk kontaktrate hadde vaksne i DPS-områda Førde (446) og Indre Sogn (450) (figur 4.22).

*Helse Sør-Øst* I fire av dei fem DPS-områda i Oslo var det høgare poliklinisk kontaktrate enn gjennomsnittet. Vaksne i DPS-området Lovisenberg hadde høgast rate med 1 229 kontaktar per 1 000 innbyggjarar. Vaksne som budde i DPS-område Tynset hadde lågast poliklinisk kontaktrate (486) i regionen (figur 4.22).

#### 4.2.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for vaksne


- Vaksne i poliklinisk behandling er med årleg over 180 000 pasientar den desidert største gruppa i dette helseatlas. Med tanke på at pasientraten ikkje varierte stort mellom buområda er det verdt å legge merke til at kontaktraten varierte frå 461 til 1 229 mellom buområda. Vaksne frå både Bergen- og Oslo-områda fekk flest polikliniske kontaktar per pasient; nær dobbelt så mange i buområde Bergen som i Finnmark. Dei vaksne Oslo-innbyggjarane hadde også størst prosentvis bruk av avtalespesialistar.
- Når vi trekte ut dei med rusliding frå gruppa vaksne i poliklinisk behandling, fann vi særleg stor variasjon, med ein årleg kontaktrate som varierte frå 27 til 212 mellom buområda. Også variasjonen i pasientratar var stor mellom buområda, og pasientane frå buområde Bergen fekk kvart år meir enn tre gonger så mange kontaktar som vaksne frå Nordland og Finnmark.
- Når vi trekte ut dei med alvorleg psykisk lidning, frå gruppa vaksne i poliklinisk behandling, fann vi stor variasjon i årleg kontaktrate, som varierte frå 43 til 262 mellom buområda. Det var liten variasjon i pasientratane, men pasientar frå buområde Lovisenberg hadde særleg mange kontaktar per pasient; tre gonger så mange kontaktar per pasient som i buområde Finnmark.

Vaksne med alvorleg psykisk lidning eller rusliding fekk ulik poliklinisk oppfølging, avhengig av kvar dei budde i landet. Relativt høgare bruk av poliklinikk innan psykisk helsevern og rusbehandling i dei største byane, kan ha bakgrunn i større behov for behandling hos innbyggjarane der. Vi fann også at behandlingstilboda i dei same byane var meir omfattande for enkeltpasientane, samanlikna med andre stadar. Variasjonane i bruk av poliklinikk var store, og gjeld eit stort tal pasientar i ein sårbar situasjon. Vi vurderer at variasjonen i bruk av poliklinikk var uønska.

### 4.2.3 Døgnbehandling

*Pasientrate* I tillegg til vaksne frå Finnmark-, Nordland- og UNN-områda i Helse Nord, var vaksne frå Lovisenberg- og Telemark-områda blant dei med høgast gjennomsnittleg tal pasientar per 1 000 innbyggjarar og år innlagt til døgnbehandling. Tydeleg høgast pasientrate fann vi for vaksne i Finnmark-området (13).

Frå fleire av områda i og nær Oslo var pasientratane av dei lågaste; både OUS- og Ahus-områda, og med tydelegast lågast pasientrate i Diakonhjemmet-området (6,0). Det var liten variasjon mellom buområda i gjennomsnittleg pasientrate for 2014–2018, men likevel større enn det som skuldast tilfeldig variasjon (figur 4.24 og tabell 4.19).




**Figur 4.24: Pasientrate** for døgnbehandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal vaksne pasientar (18-64 år) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Opphaldsrate:* Vaksne i Noreg hadde i 2014–2018 50 800 døgnopphald per år i psykisk helsevern (PHV-V og PHV-BU) og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (tabell 4.7).<sup>19</sup> Dette gir ein gjennomsnittleg årsrate på 16 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar og år i perioden. Opphaldsraten var stabil for både Noreg og dei fleste buområda. Vaksne i UNN- og Finnmark-områda hadde tydeleg fleire døgnopphald per vakseninbyggjar enn i resten av landet med gjennomsnittleg opphaldsrate på 25 per år. Lågast opphaldsrate fann vi for vaksne i Diakonhjemmet-området (9,2) (figur 4.25). Vi fann at variasjonen mellom buområda i opphaldsrate var moderat (tabell 4.18).

*Døgnrate:* Vaksne i Noreg hadde i gjennomsnitt 412 døgn i institusjon per 1 000 innbyggjarar og år i 2014–2018. Årsratane var stabile i perioden. I Finnmark var også døgnraten høg (569), berre i Telemark hadde vaksne fleire opphaldsdøgn per 1 000 innbyggjarar (577) i institusjon. Buområde Diakonhjemmet hadde lågast døgnrate (296) for vaksne (figur 4.26).

<sup>19</sup>Per år blei mindre enn 1 % av opphalda ekskludert frå vidare analysar. Opphalda varte meir enn 365 døgn.






Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.25: Opphaldsrate** for døgntil behandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntil behandling per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.



Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.26: Døgntil behandling** for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntil behandling per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Varighet på døgnopphald (døgn per opphald)* Vaksne i Diakonhjemmet-området hadde lengst opphald med i gjennomsnitt 32 døgn per opphald. Fem av områda med lengst varighet på døgnopphalda var i Helse Sør-Øst. Opphaldslengda var kortast ved UNN-området (19 døgn per opphald) i 2014–2018, mens døgnopphalda varte mellom 22 og 30 døgn i gjennomsnitt for vaksne frå dei fleste områda i landet (tabell 4.7).

**Tabell 4.7: Døgnbehandling for vaksne i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar.** Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld vaksne i alderen 18-64 år.


Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
Diakonhjemmet	543	27 071	838	32,3
Telemark	1 072	57 915	1 893	30,6
Innlandet	2 065	107 188	3 525	30,4
OUS	1 310	67 601	2 236	30,2
Vestfold	1 143	55 632	1 928	28,8
Stavanger	1 916	102 037	3 574	28,5
Vestre Viken	2 220	106 895	3 774	28,3
Lovisenberg	1 156	52 997	1 938	27,3
Bergen	2 397	120 082	4 449	27,0
Ahus	2 373	104 653	3 946	26,5
Helgeland	418	17 721	684	25,9
Nordland	863	38 029	1 508	25,2
Førde	483	23 578	937	25,2
Østfold	1 724	72 069	2 891	24,9
Nord-Trøndelag	651	28 138	1 158	24,3
Møre og Romsdal	1 393	65 336	2 700	24,2
Sørlandet	1 786	80 672	3 419	23,6
Fonna	951	46 411	1 971	23,5
Finnmark	604	26 560	1 158	22,9
St. Olavs	1 699	73 898	3 315	22,3
UNN	1 214	54 729	2 956	18,5
Noreg	27 685	1 329 212	50 800	26,2

### Alderssegment

Ved å dele vaksengruppa i tre alderssegment, fann vi at det skjedde ei endring i opphaldsraten ved pasientalder 50 år, med tanke på kvar i landet pasientane fekk flest døgnopphald per 1 000 innbyggjarar. I alderssegmenta 18–30 år og 31–50 år fekk vaksne i Finnmark og UNN flest opphald, og vaksne frå Oslo-områda færrest opphald per 1 000 innbyggjarar (figur 4.27).

For aldersgruppa 51–64 år hadde vaksne frå dei ulike Oslo-områda særleg ulike opphaldsratar i institusjon. Samanlikna med andre delar av landet hadde vaksne i aldersgruppa 51–64 år frå Lovisenbergområdet flest døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, mens gruppa frå Diakonhjemmet har færrest. (figur 4.27).

Opphaldsrata for Noreg gikk noko ned med aukande alder; frå i gjennomsnitt 18 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar og år ved 18–30 år, til 16 ved 31–50 år og 13 ved 51–64 år. Variasjonen i opphaldsratar mellom buområda var meir moderat for gruppa 18–30 år, enn for dei over 30 år, der variasjonen var stor (tabell 4.18).




**Figur 4.27: Opphaldsrate, inndeling i aldersgrupper:** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet i aldersgruppene 18-30 år, 31-50 år og 51-64 år. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

### Kvar fekk vaksne pasientar døgntbehandlinga

Vaksne pasientar frå Noreg fekk i gjennomsnitt 84 % av døgnopphalda innan psykisk helsevern eller rusbehandling, innanfor eige buområde i 2014–2018. Vaksne frå buområda Finnmark, Helgeland, Lovisenberg og Diakonhjemmet fekk i størst grad døgntbehandling i andre område enn der dei sjølv budde (figur 4.28). Finnmarkssykehuset og Helgelandssykehuset har ikkje eigne psykiatriske sjukehus. Pasientar frå buområda Helgeland og Finnmark med behov for døgntbehandling, får derfor slik behandling utanfor eige buområde, og funna våre reflekterer funksjonsdelinga mellom helseføretaka i Helse Nord. Lovisenberg Diakonale sykehus og Diakonhjemmet sykehus har ikkje døgntbehandling innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Pasientar frå buområda her vil derfor motta rusbehandling utanfor eige buområde.

Vaksne frå buområda UNN, St. Olavs og og Bergen hadde lågast prosentdel av opphalda i institusjonar som låg utanfor eige buområde.




Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.28: Opphaldsrate, inndeling etter behandling i eige eller anna buområde:** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar (18–64 år), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med prosentvis inndeling etter kvar pasienten fekk behandling. Ratane er justert for alder og kjønn.

Dei fleste opphalda pasientane fekk innan psykisk helsevern eller rusbehandling skjedde innan det offentlege. For vaksne i Noreg utgjorde dette 81 % av opphalda (figur 4.29). Alle institusjonar med driftsavtale ligg i Helse Vest eller Helse Sør-Øst. At det var i desse regionane vaksne hadde opphald ved slike institusjonar, var derfor som venta. At vaksne i buområda Lovisenberg og Diakonhjemmet fekk nær halvparten av opphalda sine i institusjonar med driftsavtale, tyder på at dei fekk ein stor del av døgntbehandlinga i eigen eller ved andre institusjonar med tilsvarende avtale med RHF-et. Bruk av institusjonar med kjøpsavtale utgjorde i buområde Telemark 23 % av alle opphalda for vaksne, mens i Møre og Romsdal var berre 5 % av opphalda i slik institusjon. Når vi såg berre på vaksne med rusliding, fann vi at prosentdel av opphalda i institusjon med kjøpsavtale var noko høgare; prosentdelen varierte frå 8 % i buområde Sørlandet til 44 % i Bergenområdet (ikkje publiserte data).



Kjelde: NPR/SSB

**Figur 4.29: Opphaldsrate, inndeling etter behandling i offentlig eller privat institusjon:** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar (18-64 år), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med prosentvis inndeling etter kvar pasienten fikk behandling. Ratane er justert for alder og kjønn.


## Rusliding

*Pasientrate* Kvart av åra 2014–2018 blei i gjennomsnitt 11 500 vaksne med rusliding innlagt til døgnbehandling innan psykisk helsevern eller tverrfagleg behandling av ruslidingar i Noreg (tabell 4.8).


Frå dei fleste delar av landet blei mellom 3 og 5 vaksne med rusliding, per 1 000 innbyggjarar og år, innlagt til behandling i institusjon. Fire av fem av buområda med høgast pasientratar var i Helse Sør-Øst. Lovisenbergområdet skilde seg ut med høgast pasientrate (6,6), og Førde-området med lågast pasientrate (2,3) for døgnpasientar. Vi fann at variasjonen i pasientrate var moderat, men større enn det som kjem frå den tilfeldige variasjonen (figur 4.30 og tabell 4.19).

*Opphaldsrate* Vaksne med rusliding frå Noreg fekk i gjennomsnitt nær 20 000 døgnopphald i psykisk helsevern (PHV-V og PHV-BU samla) eller tverrfagleg behandling av ruslidingar per år i 2014–2018 (tabell 4.8). Per 1 000 vakseninbyggjarar var opphaldsraten 6,2. For landet samla var opphaldsraten stabil, men med ein tydeleg auke i Nordland-området i løpet av perioden. Høgast opphaldsrate for vaksne med rusliding fann vi for buområde Lovisenberg (11,4). Vaksne frå Helgeland-området skilde seg frå andre i Nord med relativt låg opphaldsrate (4,2) (figur 4.31 og tabell 4.18). Variasjonen i opphaldsrate var også moderat.

*Varigheit av døgnopphalda* (døgn per opphald) for vaksne med rusliding, varierte mellom 26 døgn per opphald for vaksne frå UNN-området, til 45 døgn per opphald i Telemark-området. I mange område av landet varte døgnopphalda for vaksne med rusliding mellom 30 og 33 døgn (tabell 4.8).



**Figur 4.30: Pasientrate, vaksne med rusliding i døgntbehandling.** Tal vaksne (18-64 år) med rusliding per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Figur 4.31: Opphaldsrate, vaksne med rusliding i døgntbehandling.** Tal døgntoppald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

**Tabell 4.8: Døgnbehandling for vaksne med rusliding.** Inkluderer døgnopphald i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld vaksne i alderen 18-64 år.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
Telemark	476	34 102	758	45,0
Innlandet	748	49 466	1 251	39,5
Vestfold	559	33 503	862	38,9
Stavanger	741	46 009	1 214	37,9
Helgeland	132	7 296	193	37,8
Vestre Viken	852	46 823	1 328	35,3
Nord-Trøndelag	253	14 218	423	33,6
Bergen	1 084	62 362	1 861	33,5
Ahus	987	51 809	1 548	33,5
Førde	146	8 883	267	33,3
Nordland	320	17 768	537	33,1
Diakonhjemmet	282	14 556	450	32,3
Finnmark	210	11 781	366	32,2
Fonna	414	23 541	748	31,5
OUS	639	34 112	1 088	31,4
Lovisenberg	652	34 608	1 138	30,4
Møre og Romsdal	541	30 804	1 013	30,4
Sørlandet	858	46 351	1 544	30,0
Østfold	689	32 533	1 111	29,3
St. Olavs	681	33 349	1 214	27,5
UNN	424	23 419	888	26,4
Noreg	11 562	657 292	19 802	33,2


### Alvorleg psykisk lidning

*Pasientrate* Kvart år i 2014–2018 hadde 7 900 vaksne frå Noreg med alvorleg psykisk lidning minst eitt døgnopphald i psykisk helsevern (PHV-V eller PHV-BU), eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (tabell 4.9).


Det var flest vaksne frå Finnmark- og Lovisenberg-områda per 1 000 innbyggjarar som blei lagt inn i institusjon til behandling for alvorleg psykisk sjukdom. I begge områda var pasientratane 3,5, mens færrest døgnpasientar per 1 000 innbyggjarar blei registrert i Ahus-området (2,0). Variasjonen mellom buområda var liten, men større enn det som kjem frå tilfeldigheter (figur 4.32 og tabell 4.19).

*Opphaldsrate* Vaksne med alvorleg psykisk lidning i Noreg hadde i gjennomsnitt 4,7 opphald per 1 000 innbyggjarar i institusjon per år, i 2014–2018. Vaksne frå UNN- og Finnmarkområda hadde flest opphald per 1 000 innbyggjarar (opphaldsrate på 9,4 og 8,0), mens for fleire av buområda i og nær hovudstaden var opphaldsraten låg. Lågast opphaldsrate fann vi for buområde Diakonhjemmet (3,1) (figur 4.33). Variasjonen i opphaldsrate var stor (tabell 4.18).

*Varighet av døgnopphald* (døgn per opphald) for vaksne med alvorleg psykisk lidning, varierte frå 17 døgn per opphald i UNN-området, til 42 døgn per opphald i OUS-området (tabell 4.9). Vi fann at vaksne med alvorleg psykisk lidning frå buområda i Helse Nord, hadde kortare døgnopphald enn vaksne i andre delar av landet; alle fire buområda i Nord var blant dei seks buområda med færrest døgn per opphald. Vaksne frå Oslo-områda OUS og Diakonhjemmet hadde opphald med lengst varighet.



**Figur 4.32: Pasientrate, vaksne med alvorleg psykisk lidning i døgntilleg.** Tal vaksne (18-64 år) med alvorleg psykisk lidning (ALV) per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Figur 4.33: Opphaldsrate, vaksne med alvorleg psykisk lidning i døgntilleg.** Tal døgntilleg per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representere ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Tabell 4.9: Døgnbehandling for vaksne med alvorleg psykisk lidning.** Inkluderer døgnopphald i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld vaksne i alderen 18-64 år.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
OUS	403	26 242	619	42,4
Diakonhjemmet	197	11 491	278	41,3
Østfold	384	22 285	653	34,1
Ahus	648	35 645	1 055	33,8
Bergen	774	46 245	1 420	32,6
Vestre Viken	607	35 133	1 093	32,2
Innlandet	482	28 761	901	31,9
Lovisenberg	339	17 012	537	31,7
Vestfold	307	16 228	526	30,8
Stavanger	721	42 686	1 426	29,9
Førde	130	7 599	255	29,8
Telemark	269	15 032	538	27,9
St. Olavs	462	26 816	985	27,2
Møre og Romsdal	386	21 106	778	27,1
Nord-Trøndelag	167	8 728	329	26,5
Helgeland	110	5 096	196	26,0
Nordland	194	8 426	331	25,4
Sørlandet	502	24 703	1 037	23,8
Finnmark	161	8 031	370	21,7
Fonna	307	14 940	735	20,3
UNN	360	18 004	1 091	16,5
Noreg	7 920	440 210	15 151	29,1

#### DPS- og RHF-område<sup>20</sup>

Vurdert ut frå DPS-områda fann vi at vaksne frå sju av ti DPS-område med høgast opphaldsrate per år i 2014–2018 var i Helse Nord. Opphaldsratane var der tydeleg høgare enn for vaksne frå andre DPS-område (figur 4.35 og 4.34). Variasjonen mellom DPS-områda i opphaldsrate for vaksne var stor (tabell 4.18).

Høgast gjennomsnittleg opphaldsrate per region fann vi for vaksne i Helse Nord-området med 21 opphald per 1 000 innbyggjarar, og lågast i Helse Sør-Øst-området med ein gjennomsnittleg opphaldsrate på 15 per år. I Helse Vest og Helse Midt-Norge-områda var gjennomsnittleg opphaldsrate 16 per år i 2014–2018 (figur 4.34). Størst observert variasjon innad i regionane fann vi i Helse Nord.

*Helse Nord-området* Vi fann at alle DPS-områda med høgast opphaldsrate var i UNN- og Finnmarkområda, og med høgast rate for vaksne frå Nord-Troms (32). Lågast opphaldsrate hadde vaksne frå Ytre Helgeland (11) (figur 4.34).


*Helse Midt-Norge-området* Opphaldsratane for vaksne varierte mellom 20 i DPS-område Kristiansund og 13 per år i DPS-område Orkdal (figur 4.34).

*Helse Vest-området* hadde flest opphald per 1 000 vakseninbyggjarar i DPS-område Folgefonn med ein

<sup>20</sup>Pasientane er fordelt på DPS-a sine «opptaks»-område (DPS-område), ut frå kva kommune eller bydel dei bur i, uavhengig av kvar dei blei behandla.


årlig opphaldsrate på 21. Lågast opphaldsrate hadde vaksne frå Voss DPS-område (11) (figur 4.34).

*Helse Sør-Øst-området* Vaksne frå fire av fem DPS-område i Oslo hadde lågare opphaldsrate enn gjennomsnittet for regionen, med lågast opphaldsrate i DPS-område Vindern (9,2). For heile regionen fann vi at



**Figur 4.34: Opphaldsrate fordelt på DPS-område og RHF.** Døgnbehandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal døgnopphald per 1000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn. Stjerne: fleire DPS-område er slått saman, sjå vedlegg B.

opphaldsraten var høgast i DPS-område Strømme og Solvang med 20 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar i gjennomsnitt per år (figur 4.34).



**Figur 4.35: Opphaldsrater fordelt på DPS-område og RHF.** Døgnbehandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslingar. Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område. Kartet viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

#### 4.2.4 Hovudfunn - døgntil behandling for vaksne

- Vaksne i døgntil behandling var med årleg omtrent 27 000 pasientar ei langt mindre gruppe enn den vi fann for poliklinisk behandling. Det var likevel ein merkbar variasjon med nær tre gonger fleire døgntilphald per 1 000 innbyggjarar i buområda UNN og Finnmark enn i buområde Diakonhjemmet. På den andre sida hadde pasientane i buområde Diakonhjemmet halvanna gong så lang varigheit på opphalda som i UNN.
- Når vi trekte ut dei med rusliding frå gruppa vaksne i døgntil behandling, fann vi at variasjonen ikkje var like markant som i poliklinisk behandling av pasientar med rusliding. Desse pasientane utgjorde omtrent ein tredjedel av vaksne i døgntil behandling, med opphaldsratar som varierte frå 4 til 11 i gjennomsnitt per år mellom buområda, og der varigheit på døgntilphald var halvanna gong lengre i Telemark, samanlikna med i UNN.
- Når vi trekte ut dei med alvorleg psykisk lidning, frå gruppa vaksne i døgntil behandling, fann vi at variasjonen var stor, om enn mindre enn i poliklinisk behandling. Opphaldsratane varierte frå 3 til 9 i gjennomsnitt per år mellom buområda, og varigheit på opphalda varierte frå 17 til 42 døgntil.

#### 4.2.5 Samla vurdering for vaksne


Vi fann at bruk av poliklinikk og døgntil behandling var noko ulik i landet, med ein tendens til større bruk av poliklinikk i dei større byane og av døgntilphald i Helse Nord. Som kontrastar fann vi for eksempel låg poliklinisk kontaktrate og mange korte døgntilphald for vaksne i buområda Finnmark og UNN, mens vaksne frå OUS-området hadde høg poliklinisk kontaktrate, og få lange døgntilphald. Om vi reknar eitt opphaldsdøgntil og fire poliklinikkar som likt i ressursbruk, fann vi likevel ein skilnad mellom buområda i bruk av tenestene, der vaksne frå Lovisenberg og Telemark hadde høgast bruk. Funna våre viser uønska variasjonar i behandling av vaksne, og særleg tydeleg var dette når vi såg særskilt på pasientar med alvorleg psykisk lidning eller rusliding.

### 4.3 Eldre i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar

I 2014–2018 var det eit relativt stabilt tal personar på 65 år eller eldre som var i kontakt med psykisk helsevern, avtalespesialist i psykisk helsevern og/eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Vi fann berre ein liten auke i tal pasientar; frå 17 404 til 18 640 pasientar per år. Pasientane utgjorde omtrent 2 % av innbyggjarane i aldersgruppa. Kvinnene utgjorde 61 % av pasientane (figur 4.1, 4.4 og 4.2). I Noreg var det årleg i gjennomsnitt 15 000 av dei eldre pasientane som hadde ein eller fleire polikliniske kontaktar (tabell 4.10), og 3 800 eldre pasientar som var innlagt til døgnopphald, i dei nemnde spesialisthelsetenestene i 2014–2018 (tabell 4.13).

#### 4.3.1 Poliklinisk behandling


For eldre fann vi for 2014–2018 høgast pasientratar i buområda i Oslo med gjennomsnittleg årlege pasientratar på 36 i Lovisenberg- og 31 i Diakonhjemmet-områda. Lågast pasientrate var det i buområda Østfold og Helgeland med omtrent 12 polikliniske pasientar per 1 000 innbyggjarar per år. Vi fann ein variasjon i pasientrate mellom buområda som var stor, og større enn det som kjem frå tilfeldigheter. Smale konfidensintervall betyr at fleire pasientar ligg til grunn for ratane (figur 4.36).



**Figur 4.36: Pasientrate** for poliklinisk behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal eldre pasientar (65 år og eldre) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

### Polikliniske kontaktar

Eldre i Noreg fekk knapt 104 000 polikliniske kontaktar per år i 2014–2018, vurdert ut frå samla tal kontaktar i psykisk helsevern, avtalespesialistar psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (tabell 4.10). Poliklinisk kontaktrate per år var stabil i perioden, med ein gjennomsnittleg årsrate på 122 kontaktar per 1 000 innbyggjarar for Noreg. Dei eldre frå hovudstadsregionen hadde i 2014–2018 tydeleg fleire polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar enn eldre i resten av landet. Innbyggjarane i buområda til Lovisenberg hadde 413, Diakonhjemmet 321 og OUS 247 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar i gjennomsnitt per år. Helgeland og Finnmark hadde tydeleg færrest med årleg gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate på 63 og 44 for dei eldre (figur 4.37). Variasjonen i poliklinisk kontaktrate for eldre var særleg stor (tabell 4.16).




**Figur 4.37: Kontaktrate** for poliklinisk behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontaktar per pasient* Tal polikliniske kontaktar per pasient var høgast for eldre pasientar busette i Oslo og i Oslo-nære område. Saman med eldre frå Bergens-området hadde dei gjennomsnittleg fleire kontaktar per år enn eldre i resten av landet. Høgast var verdiane i Lovisenbergområdet med nær 12, og lågast i Finnmark-området med 3,1 kontaktar per pasient (tabell 4.10). Kvar eldre-pasient fekk fleire polikliniske kontaktar hos avtalespesialist, enn dei fekk ved behandling i det offentlege (tabell A.4). Eitt unntak frå dette, er buande i Førde-området der eldre fekk like mange kontaktar enten dei får behandling i det offentlege eller hos avtalespesialist.

*Intensitet* i poliklinisk behandling seier her noko om kor ofte pasienten hadde direkte poliklinisk kontaktar innan psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller hos avtalespesialist. Den blei målt ved gjennomsnittleg tal polikliniske kontaktar i 30-dagersperiodar per år. Vi fann at intensiteten i fleire område var mellom 2,7 og 3,8. Eldre frå buområde Lovisenberg hadde høgast poliklinisk behandlingsintensitet (4,5), mens intensiteten var lågast i Finnmark (2,0) i perioden (figur 4.38).

**Tabell 4.10: Poliklinisk behandling for eldre i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar.** Tal kontaktar, tal pasientar og kontaktar per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.

Buområde	Tal kontaktar	Tal pasientar	Kontaktar per pasient
Lovisenberg	4 377	371	11,8
Diakonhjemmet	7 146	677	10,6
OUS	8 090	831	9,7
Vestre Viken	10 844	1 238	8,8
Bergen	9 515	1 225	7,8
Ahus	8 602	1 130	7,6
Sørlandet	6 211	914	6,8
St. Olavs	5 888	921	6,4
Nord-Trøndelag	3 677	580	6,3
Innlandet	7 047	1 138	6,2
Vestfold	4 539	746	6,1
Østfold	3 851	649	5,9
Stavanger	5 020	851	5,9
UNN	2 743	489	5,6
Telemark	3 260	599	5,4
Møre og Romsdal	5 124	953	5,4
Førde	1 595	306	5,2
Helgeland	957	188	5,1
Fonna	2 540	517	4,9
Nordland	2 130	513	4,1
Finnmark	552	180	3,1
Noreg	103 709	14 970	6,9



**Figur 4.38: Intensitet** i poliklinisk behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Søylene viser gjennomsnittsverdiar for 2014-2018.

### Indirekte kontakatar

I 2014–2018 blei det årleg i gjennomsnitt registrert nær 46 000 indirekte polikliniske kontakatar knytt til eldre pasientar ved psykisk helsevern, hos avtalespesialistar eller i tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Dette utgjorde i gjennomsnitt 31 % av alle polikliniske kontakatar, varierende frå 40 % eller meir i buområda Nord-Trøndelag, Stavanger og Ahus, til 12 % for eldre frå Nordlands-området (tabell A.5).

For Noreg var tal indirekte kontakatar per 1 000 innbyggjarar stabil per år i 2014–2018 for eldre, og med ein gjennomsnittleg rate på 53. Som for polikliniske kontakatar var dei indirekte kontaktratane høgast i Oslo-området. Lovisenberg hadde ein indirekte kontaktrate på 188, OUS og Diakonhjemmet omtrent 113. Lågast indirekte rate hadde Helgeland (19) og Nordland (12).

I løpet av perioden 2014–2018 skjedde det tydelege endringar i kva *type* indirekte kontakatar som blei registrerte for eldregruppa, noko som kan skuldast endringar i finansiering og kodereglar. Når det gjeld bruk av telefon fann vi for eldregruppa samla for landet, at tal telefonsamtalar *med* pasient auka frå omtrent 12 000 i 2016 til 20 000 i 2018, mens registrering av «telefonar» utan vidare spesifikasjonar blei redusert frå 21 000 til vel 7 000. Telefonmøter *om* pasient med førstelinjetenesta auka frå 2 000 til 10 000 registrerte indirekte kontakatar. Det blei registrert svært få (omtrent 20 per år) tele-videokonferansar og telemedisin-kontakatar. Vi fann også ein sterk auke med omsyn til registrerte samarbeidsmøter med førstelinjetenesta og anna teneste; frå 400 til nær 22 000 i den same perioden.


### Alderssegment


Både poliklinisk kontaktrate og variasjonen mellom buområda i kontaktratar, var større i alderssegmentet 65–74 år enn for dei 75 år og eldre. For begge alderssegmenta var ratane høgast i Oslo-områda og lågast for Helgeland og Finnmark-områda. For aldersgruppa 65–74 år var kontaktratane 558 for eldre frå Lovisenberg- og 49 frå Finnmark-områda, mens tilsvarande kontaktratar for den eldste gruppa var 231 og 37 i gjennomsnitt per år. I Lovisenbergområdet auka kontaktraten tydeleg for aldersgruppa 65–74 år i perioden (figur 4.39 og tabell 4.16).

### Sektorar


Eldre fekk prosentvis flest polikliniske kontakatar i sektoren psykisk helsevern for vaksne, varierende frå omtrent 95 % i buområda Helgeland og Finnmark, til mindre enn 50 % i Østfold og Vestre Viken. Prosentvis størst bruk av polikliniske kontakatar hos avtalespesialistar var det i buområda aust i landet. I Østfold, Vestre Viken og Diakonhjemmet var over 40 % av kontaktane for eldre hos ein avtalespesialist. For innbyggjarane i buområda Vestfold, Lovisenberg, Bergen, OUS og Østfold blei 10 % eller meir av dei polikliniske kontaktane for eldre registrert ved sektoren tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB). Lågast prosentdel av registrerte polikliniske kontakatar ved TSB (mindre enn 5 %), fann vi i buområde i helseregionane nord (Finnmark, Nordland, Helgeland) og vest (Førde) (figur 4.40).





Kjelde: NPR/SSB Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar 

**Figur 4.39: Kontaktrate, todelt aldersgruppe.** Poliklinisk kontaktrate for behandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet i aldersgruppene 65-74 år og 75 år og eldre. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.



Kjelde: NPR/SSB




**Figur 4.40: Kontaktrate, inndeling etter sektor.** Poliklinisk kontaktrate for eldre (65 år og eldre), fordelt på buområde og landet, med prosentvis inndeling av behandling i sektorane psykisk helsevern (PHV), tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) og avtalespesialistar, psykisk helsevern (Avt). Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

## Rusliding


I Noreg hadde årleg over 1 000 eldre pasientar med rusliding minst ein kontakt ved poliklinikk i psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller hos avtalespesialist psykisk helsevern i 2014–2018 (tabell 4.11). Sjå vedlegg B for definisjon av rusliding.

*Pasientrate* Også for eldre med ruslidingar fann vi flest polikliniske pasientar per 1 000 innbyggjarar i hovudstadsregionen. I buområde Lovisenberg var pasientraten 4,8, for OUS og Diakonhjemmet nesten 3. I fleire buområde elles i landet fann vi pasientratar på omtrent 1 eller mindre enn 1 i gjennomsnitt per år. Færrest eldre med rusliding per 1 000 innbyggjarar fann vi Nord-Noreg (figur 4.41). Pasientraten for Noreg hadde ein liten auke i frå 2014 til 2018. Variasjonen i pasientratar mellom buområda var særleg stor. Ratane bygger på relativt små tal for nokre buområde, og den tilfeldige variasjonen kan gi usikkerheit i ratane for desse buområda. Vi ser frå konfidensintervalla at variasjonen likevel var større enn den tilfeldige variasjonen (figur 4.41 og tabell 4.17).

*Kontaktrate* For eldre med rusliding fann vi for Noreg nær 7 500 polikliniske kontakatar per år (tabell 4.11). Kontaktraten auka for Noreg frå 6,8 til 11 i 2014–2018, med eit gjennomsnitt på 8,7. Kontaktraten var tydeleg høgast for eldre i Oslo-området, og med ein rate på 43 per år i gjennomsnitt i Lovisenbergområdet. Som for poliklinisk kontaktrate ved alvorleg psykisk lidning, kan vi sjå at det i kvar region var buområda med dei største byane som hadde høgast rate; i Vest Bergen (12), i Midt-Norge St. Olavs (8,8) og i Nord UNN (4,3). Kontaktratane var tydeleg lågast i buområda i Helse Nord, og for Finnmark-området fann vi ein kontaktrate på 1,1 (figur 4.42). Variasjonen var særleg stor. Det er få pasientar som ligg til grunn for ratane, og funnet må tolkast i lys av det (tabell 4.17).



**Figur 4.41: Pasientrate, eldre med rusliding i poliklinisk behandling.** Tal eldre (65 år og eldre) med rusliding per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn. Finnmark og Helgeland: Det er færre enn 40 unike pasientar som ligg til grunn for utrekninga, og ratane er derfor usikre.



**Figur 4.42: Kontaktrate, eldre med rusliding i poliklinisk behandling.** Tal kontaktar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontakatar per pasient* med rusliding var for eldre i Bergens-området 9,1 mens Finnmarkspasienten fekk 2,4 kontakatar per år i gjennomsnitt (tabell 4.11).

I Noreg blei 74 % av kontaktane for eldre pasientar med rusliding som hovud- eller bitilstand, gjennomført i sektoren tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) i 2014–2018, og 23 % av kontaktane i psykisk helsevern.<sup>21</sup>

Eldre pasientar frå 15 av buområda fekk 70–90 % dei polikliniske kontaktane utført ved TSB. I buområde Finnmark skjedde berre 14 % av kontaktane for eldre med rusliding ved TSB, mens resten av kontaktane skjedde i psykisk helsevern. Relativt få polikliniske kontakatar blei gjennomført hos avtalespesialistane for pasientgruppa.

**Tabell 4.11: Poliklinisk behandling for eldre med rusliding.** Inkluderer kontakatar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontakatar, tal pasientar og kontakatar per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.


Buområde	Tal kontakatar	Tal pasientar	Kontakatar per pasient
Bergen	790	87	9,1
OUS	765	87	8,8
Lovisenberg	450	52	8,7
Møre og Romsdal	364	42	8,6
Sørlandet	471	60	7,8
Vestre Viken	710	93	7,6
St. Olavs	441	62	7,2
UNN	145	20	7,1
Vestfold	352	51	6,9
Innlandet	537	79	6,8
Ahus	617	91	6,8
Diakonhjemmet	425	63	6,7
Østfold	344	52	6,6
Nord-Trøndelag	172	30	5,7
Førde	128	24	5,3
Helgeland	32	7	4,9
Stavanger	295	61	4,8
Fonna	139	31	4,5
Telemark	193	45	4,3
Nordland	40	11	3,6
Finnmark	15	6	2,4
Noreg	7 425	1 052	7,1

<sup>21</sup>Dersom vi bruker rusliding som hovudtilstand fann vi at 83 % av kontaktane var registrerte i TSB, og 14 % i psykisk helsevern.

### Alvorleg psykisk lidning

Kvart år i 2014–2018 hadde omtrent 2 100 eldre med alvorleg psykisk lidning minst ein poliklinisk kontakt ved sektorane psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert rusbehandling eller avtalespesialist psykisk helsevern (tabell 4.12). Sjå vedlegg B for definisjon av alvorleg psykisk lidning.

*Pasientrate* Oslo-området hadde flest eldre med alvorleg psykisk lidning med 7,6 polikliniske pasientar per 1 000 innbyggjarar i Lovisenbergområdet, over 5 i Diakonhjemmet- og 4,0 i OUS-områda. Lågast pasientrate fann vi i buområda Helgeland, Østfold og Nordland som i gjennomsnitt hadde omtrent ein pasient med alvorleg psykisk lidning per 1 000 innbyggjarar i kontakt med spesialisthelsetenestene per år. Variasjonen i pasientrate var særleg stor, og større enn det som skuldast tilfeldigheter (figur 4.43 og tabell 4.17).




**Figur 4.43: Pasientrate, eldre med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling.** Tal eldre (65 år og eldre) med alvorleg psykisk lidning (ALV) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Kontaktrate* I Noreg var det knapt 20 000 polikliniske kontaktar i gjennomsnitt per år for eldre med alvorleg psykisk lidning (tabell 4.12). Tal polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar var stabilt i 2014–2018, med ein gjennomsnittleg årsrate på 23 (figur 4.44).

Poliklinisk kontaktrate var tydeleg høgast for eldre i Lovisenbergområdet, med i gjennomsnitt 148 polikliniske kontaktar per 1 000 innbyggjarar per år. I Lovisenbergområdet var det ein tydeleg auke i kontaktratar per år for pasientgruppa. Kontaktratane var relativt høge også for eldre i buområda Diakonhjemmet (77) og OUS (40). I dei andre regionane hadde buområde Bergen (32) i Vest, St. Olavs (27) i Midt-Norge og UNN (14) i Nord høgast poliklinisk kontaktrate for eldre med alvorleg psykisk lidning; buområde med dei største byane i regionane. I seks av buområda i landet var kontaktraten særleg låg, med mellom 6 og 12 polikliniske kontaktar per eldreinnbyggjar (figur 4.44). Variasjonen i polikliniske kontaktratar for eldre med alvorleg psykisk lidning var særleg stor.

*Kontaktar per pasient* I Lovisenbergområdet fekk eldre nær 20 kontaktar per pasient per år i 2014–2018. Færrest kontaktar fekk eldre med alvorleg psykisk lidning i Finnmark-området (3,0) (tabell 4.12).




Kjelde: NPR/SSB



**Figur 4.44: Kontaktrate, eldre med alvorleg psykisk lidning i poliklinisk behandling.** Tal kontakter per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

**Tabell 4.12: Poliklinisk behandling for eldre med alvorleg psykisk lidning.** Inkluderer kontakter i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontakter, tal pasientar og kontakter per pasient fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.

Buområde	Tal kontakter	Tal pasientar	Kontakter per pasient
Lovisenberg	1 560	78	19,9
Diakonhjemmet	1 728	117	14,8
Sørlandet	1 421	106	13,4
St. Olavs	1 369	124	11,0
Telemark	795	80	10,0
OUS	1 314	132	9,9
Bergen	2 143	225	9,5
Vestre Viken	1 542	172	8,9
Ahus	1 299	150	8,6
Fonna	728	89	8,2
Vestfold	668	84	7,9
Østfold	515	68	7,6
Stavanger	914	120	7,6
Helgeland	160	21	7,6
Møre og Romsdal	927	123	7,6
Nord-Trøndelag	571	77	7,4
Innlandet	937	143	6,6
UNN	456	71	6,4
Førde	236	44	5,3
Nordland	145	30	4,9
Finnmark	79	26	3,0
Noreg	19 507	2 074	9,4


DPS- og RHF-område <sup>22</sup>

**Figur 4.45: Kontaktrate fordelt på DPS-område og RHF.** Poliklinisk behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontakter per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn. Stjerne: fleire DPS-område er slått saman, sjå vedlegg B.

<sup>22</sup>Pasientane er fordelt på DPS-a og RHF-a sine «opptaks»-område, ut frå kva kommune eller bydel dei bur i, uavhengig av kvar dei er behandla.

Blant dei ti DPS-områda med høgast poliklinisk kontaktrate for eldre, var sju i Helse Sør-Øst-området, to i Vest og eitt i Midt-Norge. Eldre frå åtte av ti DPS-område med lågast poliklinisk kontaktrate per år i 2014–2018, var frå Nord-området (figur 4.45 og 4.46). Det var særleg stor variasjon i eldre pasientar sin bruk av poliklinikk innan psykisk helsevern og rusbehandling, også vurdert ut frå DPS-områda (tabell 4.16). Observert variasjon innad i regionane var størst i Helse Sør-Øst.

Ser vi regionvis på dei polikliniske kontaktratane for eldre, fann vi høgast gjennomsnittleg rate per år i Helse Sør-Øst-området (135). Eldre frå Helse Midt-Norge hadde poliklinisk kontaktrate på 115 per år, mens i Helse Vest-området var raten 107, og i Helse Nord 63 i gjennomsnitt per år. Gjennomsnittleg poliklinisk kontaktrate var tydeleg lågare i Helse Nord enn for eldre frå andre deler av landet, og lågare enn lågaste rate i Helse Vest (figur 4.45).



**Figur 4.46: Kontaktrate fordelt på DPS-område og RHF.** Poliklinisk behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal kontaktrar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område. Kartet viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Helse Nord* Fordelt på DPS-områda varierte poliklinisk kontaktrate mellom 128 for eldre i Tromsø og omegn, og 33 i Øst-Finnmark (figur 4.45).

*Helse Midt-Norge* Vi fann høgaste rate for eldre i DPS-område Levanger med 166 polikliniske kontaktrar per innbyggjarar, og lågaste for eldre frå DPS-område Orkdal (53) (figur 4.45).

*Helse Vest* Flest kontaktrar fann vi i DPS-område Kronstad med 216 per 1 000 innbyggjarar, og færrest i



DPS-områda Førde (64) og Indre Sogn (65) (figur 4.45).

*Helse Sør-Øst* Polikliniske kontaktratar for eldre varierte mellom 413 i DPS-området Lovisenberg, og 52 i Nordre Østfold, i gjennomsnitt per år (figur 4.45).


#### 4.3.2 Hovudfunn - poliklinisk behandling for eldre

- Variasjonen i poliklinisk behandling var særleg stor for eldre pasientar. Kontaktratane varierte frå 44 til 413 i gjennomsnitt per år mellom buområda. Eldre i Helse Nord hadde tydeleg lågare poliklinisk kontaktrate enn eldre frå landet elles, og med høgast rate i Helse sør-Øst. Både kontaktrate, pasientrate og polikliniske kontaktar per pasient var høgast i Oslo. Kvart år hadde eldre i buområde Lovisenberg omtrent fire ganger så mange polikliniske kontaktar som eldre i Finnmark. Også bruk av avtalespesalistar var høg i Oslo.
- Når vi trekte ut dei med rusliding frå gruppa eldre i poliklinisk behandling, var pasientgruppa lita, men vi fann at variasjonen i bruk av poliklinikk var særleg stor. Eldre i buområde Lovisenberg hadde årleg 43 kontaktar per 1 000 innbyggjarar mot 1 kontakt per 1 000 innbyggjarar i buområde Finnmark. Både kontaktratar og pasientratar var tydeleg høgast i Oslo, og lågast i Nord. Eldre frå Lovisenberg fekk årleg nær fire gonger så mange polikliniske kontaktar per pasient som eldre i Fonna.
- Også når vi trekte ut dei med alvorleg psykisk lidning frå gruppa eldre i poliklinisk behandling, var variasjonen i kontaktratar særleg stor, og varierte frå 6 til 148 per år og buområde. Pasientratane var også her høgast i Oslo. Eldre med alvorleg psykisk lidning frå Lovisenberg hadde, i gjennomsnitt per år, nær sju gonger fleire kontaktar per pasient enn dei frå Finnmark.
- Kontaktraten var lågare for eldre (122) enn for vaksne (696) og for barn og unge (517). Variasjonen mellom buområda var også større for eldre enn for dei andre aldersgruppene.

Heile eldregruppa var på knapt 15 000 pasientar, men med store variasjonar i pasientratar mellom buområda. Så tydeleg store variasjonar i poliklinisk behandling av pasientar med alvorlege lidningar gir mistanke om underforbruk av tenestene i delar av landet, og er uønska.

### 4.3.3 Døgnbehandling

*Pasientrate* Fordelt på buområda hadde eldre frå buområde Lovisenberg, med i gjennomsnitt 8,2 pasientar per 1 000 innbyggjarar og år, ein tydeleg høgare pasientrate for døgnopphald, samanlikna med andre delar av landet. I Bergensområdet var pasientraten 5,7 mens den i mange buområde var mellom 4 og 5 per år i 2014–2018. Lågast pasientrate for eldre i døgnbehandling fann vi for buområda Vestfold og Ahus (3,6). Variasjonen i pasientratar var større enn den tilfeldige variasjonen. Variasjonen mellom buområda var likevel ikkje stor (figur 4.47 og tabell 4.19).




**Figur 4.47: Pasientrate** for døgnbehandling i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal eldre pasientar (65 år og eldre) per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.


*Opphaldsrate* Eldre i Noreg hadde samla 5 600 døgnopphald per år i 2014–2018 i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (tabell 4.13). Opphaldsraten var stabil i perioden, med ein gjennomsnittleg årsrate på 6,6 døgnopphald per 1 000 innbyggjarar.

Eldre i buområde Lovisenberg hadde med 13 tydeleg flest opphald per 1 000 innbyggjarar når vi ser på gjennomsnittsverdien for dei fem åra. Opphaldsraten for 2017 trekte gjennomsnittet opp for området. Lågast gjennomsnittleg opphaldsrate fann vi for eldre i Ahus (4,7) og Vestfold (4,6) (figur 4.48). Variasjonen i opphaldsrate for eldre var moderat (tabell 4.18).

*Døgnrate* Eldre i Noreg hadde gjennomsnittleg 181 døgn i institusjon, per 1 000 innbyggjarar, per år i 2014–2018. Vi ser av (figur 4.49) at døgnraten var høgast i dei største byområda. Døgnraten varierte frå 353 i Lovisenbergområdet til 111 i Vestfold. Landsraten var stabil i perioden, mens vi fann størst årsvariasjonar i buområde Lovisenberg, og ein tydeleg auke i døgnraten i Finnmark i 2018.



**Figur 4.48: Opphaldsrate** for døgntilrettelagt behandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntilrettelagt behandling per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.



**Figur 4.49: Døgntilrettelagt behandling** for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar: Tal døgntilrettelagt behandling per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Varighet av døgnopphalda* (døgn per opphald) Vi fann lengst opphald i Oslo-områda OUS, Ahus og Diakonhjemmet, alle med godt over 30 døgn per opphald. Gjennomsnittleg varighet på opphalda for eldre frå Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag var knapt 20 døgn per opphald (tabell 4.13).


**Tabell 4.13: Døgnbehandling for eldre i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar.** Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
OUS	171	8 915	230	38,8
Ahus	281	13 066	370	35,3
Diakonhjemmet	102	4 807	141	34,2
Stavanger	228	10 479	322	32,6
Bergen	383	17 305	561	30,8
Telemark	175	7 017	238	29,5
Innlandet	299	13 212	464	28,5
Finnmark	51	2 068	76	27,3
Nordland	130	4 618	172	26,9
Lovisenberg	85	3 708	139	26,8
Vestre Viken	305	12 901	483	26,7
Helgeland	65	2 345	89	26,4
St. Olavs	222	9 650	367	26,3
Østfold	205	7 190	275	26,2
Vestfold	152	4 655	193	24,1
UNN	154	5 761	246	23,4
Sørlandet	199	6 791	298	22,8
Fonna	156	5 372	244	22,0
Førde	97	3 288	152	21,7
Nord-Trøndelag	102	3 071	151	20,3
Møre og Romsdal	250	8 180	426	19,2
Noreg	3 813	154 398	5 634	27,4


### Kvar fekk eldre pasientar døgnbehandling

92 % av eldre sine døgnopphald skjedde i institusjon innanfor pasienten sitt buområde (figur 4.50). Det var særleg eldre frå buområda Helgeland, Finnmark og Lovisenberg at pasientane reiste ut av eige buområde for å få døgnbehandling. At eldre frå desse områda i stor grad fekk døgnopphalda utanfor eige buområde kan skuldast funksjonsdelinga både i Helse Nord (sjå kapittel 4.2.3) og i Oslo. Alderspsykiatrisk avdeling ved Diakonhjemmet Sykehus gir tilbod til eldre også frå Lovisenbergområdet.

Ved fordeling av døgnopphalda på private og offentlege institusjonar, fann vi at dei fleste opphalda eldre fekk innan psykisk helsevern eller rusbehandling, skjedde innan det offentlege, d.v.s. ved helseføretaka sine institusjonar. For Noreg utgjorde dette 86 % av opphalda (figur 4.51). Som for vaksne var det i Bergen og Stavanger vi fann noko bruk av private med driftsavtale i tillegg til Lovisenberg og Diakonhjemmet. For desse siste indikerer funna at eldre der fekk behandling i eigen eller institusjon med tilsvarende driftsavtale. Bruk av institusjonar med kjøpsavtale var prosentvis høgast i Nordland og Helgeland, og buområda i Oslo-området. Når vi såg berre på eldre med ruslidning, fann vi at ingen av døgnopphalda for pasientane frå buområde Møre og Romsdal var i institusjon med kjøpsavtale, mens 47 % av opphalda for eldre med ruslidning frå Bergen-området var i slik institusjon.



**Figur 4.50: Opphaldsrate, inndeling etter behandling i eige eller anna buområde:** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar (65 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med prosentvis inndeling etter kvar pasienten fikk behandling. Ratane er justert for alder og kjønn.




**Figur 4.51: Opphaldsrate, inndeling etter behandling i offentlig eller privat institusjon:** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar (65 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med prosentvis inndeling etter kvar pasienten fikk behandling. Ratane er justert for alder og kjønn.

## Rusliding


*Pasientrate* Kwart år i 2014–2018 hadde knapt 600 eldre med rusliding frå Noreg minst eitt døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (tabell 4.14). Oslo-området hadde flest eldre med rusliding per 1 000 innbyggjarar i døgnbehandling, med pasientratar på 2,8 (Lovisenbergområdet), 1,4 (OUS-området) og 1,2 (Diakonhjemmet-området). Frå andre deler av landet var det relativt få eldre pasientar med rusliding til døgnbehandling, og med pasientratar mindre enn 1 pasient per 1 000 innbyggjarar. Dei breie konfidensintervalla rundt pasientratane viser at pasientutvala var små, og at den tilfeldige variasjonen kan vere stor. Vi ser likevel at pasientratane frå Oslo-området var systematisk høgare enn ratane frå andre delar av landet (figur 4.52).

*Opphaldsraten* for eldre med rusliding var stabilt låg i Noreg i åra 2014–2018, og med berre eitt opphald per 1 000 eldreinnbyggjarar i snitt per år (figur 4.53). Opphaldsraten for eldre med rusliding var tydeleg høgare i Oslo-området enn i resten av landet. I Lovisenbergområdet hadde eldre med rusliding 4,2 døgnopphald i gjennomsnitt per 1 000 innbyggjarar og år. For eldre i OUS- og Diakonhjemmet-områda var opphaldsrata 2,1 og 1,9 i gjennomsnitt per år. Variasjonen mellom buområda i opphaldsrata for eldre med rusliding var stor (tabell 4.18).

*Varigheit av døgnopphalda* Eldre med rusliding frå tre buområde i Helse Nord hadde lengst opphald i 2014–2018, og med over 40 døgn per opphald i gjennomsnitt i Helgeland-området. Vi fann at varigheita på døgnopphalda var kortast i Helse-Midt Noreg. Der var eldre i gjennomsnitt innlagt i 20 eller færre dagar per opphald (tabell 4.14).



**Figur 4.52: Pasientrate, eldre med rusliding i døgnbehandling.** Tal eldre (65 år og eldre) med rusliding per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014–2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn. Finnmark: Det er færre enn 40 unike pasientar som ligg til grunn for utrekninga, og raten er derfor usikker.



**Figur 4.53: Opphaldsrate, eldre med rusliding i døgntillegging.** Tal døgntilleggingar per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.


**Tabell 4.14: Døgntillegging for eldre med rusliding.** Inkluderer døgntillegging i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
Helgeland	9	472	11	42,1
Finnmark	7	315	10	30,8
Nordland	17	849	28	30,5
Innlandet	33	1 627	53	30,5
Vestre Viken	40	1 417	50	28,3
Lovisenberg	29	1 220	46	26,5
Diakonhjemmet	26	1 090	42	26,2
Telemark	31	1 046	40	26,2
Stavanger	32	1 193	47	25,6
UNN	26	1 038	41	25,3
Fonna	15	471	19	25,1
OUS	46	1 621	67	24,3
Bergen	50	1 705	74	23,2
Ahus	51	1 525	68	22,5
Førde	12	426	19	22,4
Østfold	26	785	35	22,3
Vestfold	21	613	28	22,1
Nord-Trøndelag	15	492	24	20,9
Sørlandet	31	835	43	19,5
St. Olavs	34	977	51	19,1
Møre og Romsdal	32	841	60	14,1
Noreg	584	20 556	854	24,1

### Alvorleg psykisk lidning

Kvart år i 2014–2018 hadde omtrent 1140 eldre med alvorleg psykisk lidning frå Noreg minst eitt døgnopphald i psykiisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling (tabell 4.15).

*Pasientrate* per år for eldre med alvorleg psykisk lidning, var høgast i nokre av dei største byane våre (figur 4.54). Frå Lovisenbergområdet var årleg 3,0 eldre med alvorleg psykisk lidning innlagt per 1 000 innbyggjarar, mens i fleire buområde i landet var pasientraten omtrent ein. Lågast rate fann vi i Nordland (0,9). Variasjonen i pasientraten var stor (tabell 4.19). Breie konfidensintervall rundt pasientratane betyr at få pasientar ligg til grunn for utrekninga. Vi ser av figur (figur 4.54) at variasjonen i pasientratar likevel var større enn det som kjem frå tilfeldigheter.




**Figur 4.54: Pasientrate, eldre med alvorleg psykisk lidning i døgntbehandling.** Tal eldre (65 år og eldre) med alvorleg psykisk lidning (ALV) per 1 000 innbyggjarar fordelt på buområde. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for alder og kjønn.

*Opphaldsraten* for eldre med alvorleg psykisk lidning i Noreg var stabil i perioden 2014–2018 (figur 4.55). I gjennomsnitt fekk eldre med alvorleg psykisk lidning 2 opphald per 1 000 innbyggjarar kvart år.

Lovisenbergområdet med høgast gjennomsnittleg årsrate (4,3), var det ein tydeleg høgare opphaldsrate i 2017 (5,3). Buområda Østfold, Vestfold og Nordland hadde lågast både pasientratar og opphaldsratar, og med ein opphaldsrate på 1,2 for Nordland. Det var stor variasjonen i opphaldsratar for pasientar med alvorleg psykisk lidning (tabell 4.18).

*Varigheit av døgntopphalda* Døgntopphalda varte tydeleg lengre for eldre med alvorleg psykisk lidning frå Diakonhjemmet- og OUS-områda i Oslo, med opp til 54 døgn i per opphald. Eldre frå Førde området hadde opphalda med kortast varigheit; 23 døgn per opphald i snitt per år i 2014–2018 (tabell 4.15).






**Figur 4.55: Opphaldsrate, eldre med alvorleg psykisk lidning i døgnbehandling.** Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på buområde og landet. Søylene viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

**Tabell 4.15: Døgnbehandling for eldre med alvorleg psykisk lidning.** Inkluderer døgnopphald i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal pasientar, tal døgn, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018 og gjeld eldre i alderen 65 år og eldre.

Buområde	Tal pasientar	Tal døgn	Tal opphald	Døgn per opphald
OUS	54	3 733	69	54,1
Diakonhjemmet	36	2 364	50	47,7
Ahus	90	5 505	118	46,6
Stavanger	77	4 598	110	41,7
Vestre Viken	88	5 056	134	37,7
Østfold	54	2 770	76	36,5
Vestfold	41	1 888	54	34,8
Bergen	130	7 119	205	34,7
Innlandet	87	4 656	135	34,4
Lovisenberg	31	1 549	45	34,1
Telemark	45	2 523	74	34,0
St. Olavs	72	4 217	133	31,7
Finnmark	20	918	31	29,8
Nord-Trøndelag	28	1 272	43	29,7
Nordland	21	783	30	26,5
Helgeland	16	618	24	26,0
Fonna	54	2 426	93	26,0
Sørlandet	63	2 598	104	25,1
Møre og Romsdal	64	2 722	109	25,0
UNN	39	1 835	74	24,9
Førde	30	1 193	52	22,9
Noreg	1 141	60 345	1 764	34,2

## DPS- og RHF-område



**Figur 4.56: Opphaldsrate fordelt på DPS-område og RHF.** Døgnbehandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn. Stjerne: fleire DPS-område er slått saman, sjå vedlegg B.

Eldre frå DPS-områda Lovisenberg (13) og Ålesund (11) hadde tydeleg flest døgnopphald i institusjon per 1 000 innbyggjarar og år i 2014-2018 (figur 4.56 og 4.57). Elles var fem av dei ti DPS-områda med høgast

opphaldsrate i Helse Vest. Lågast opphaldsrate fann vi for eldre tilhøyrande DPS-område Mosjøen (3,5). Variasjonen mellom DPS-områda var moderat (tabell 4.18)


Ser vi regionvis på opphaldsratane fann vi for eldre tilhøyrande Helse Vest-området 7,7 opphald per 1 000 innbyggjarar i gjennomsnitt per år. For eldre frå Helse Midt-Norge-området var opphaldsraten 7,4, i Helse Nord-området 6,4 og i Helse Sør-Øst-området 6,1 (figur 4.56).

*Helse Nord-området* Eldre frå DPS-område Tromsø og omegn hadde høgast opphaldsrate (8,4), mens eldre frå DPS-område Mosjøen hadde lågast rate (3,5) (figur 4.56).

*Helse Midt-Norge* Her skilde DPS-området Ålesund seg ut med flest opphald i institusjon (10,8) per 1 000 innbyggjarar per år i gjennomsnitt for eldre. I DPS-området Namsos var opphaldsraten 5,8 (figur 4.56).

*Helse Vest-området* Opphaldsratane varierte frå 9,4 i DPS-område Førde til 4,4 i Indre Sogn (figur 4.56).

*Helse Sør-Øst-området* Opphaldsraten for eldre var tydeleg høgast i DPS-område Lovisenberg (13), mens eldre i Follo hadde færrest opphald i institusjon per 1 000 innbyggjarar (3,9) (figur 4.56).



**Figur 4.57: Opphaldsrate fordelt på DPS-område og RHF.** Døgnbehandling for eldre (65 år og eldre) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar. Tal døgnopphald per 1 000 innbyggjarar, fordelt på DPS-område. Kartet viser gjennomsnittsverdiar per år for perioden 2014-2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

#### 4.3.4 Hovudfunn - døgnbehandling for eldre

- Variasjonen i opphaldsratar var moderat for eldregruppa samla. Opphaldsraten varierte frå 5 til 13 i gjennomsnitt per år mellom buområda, og var høgast i Helse Vest-området. Opphaldsrate er tal døgnopphald per 1000 innbyggjarar. Eldre frå OUS hadde dobbelt så mange døgn per opphald som eldre frå Møre og Romsdal.
- Når vi trekte ut dei med rusliding frå gruppa eldre i døgnbehandling, fann vi stor variasjon i opphaldsratar. Få eldre med rusliding fekk døgnbehandling, med unntak av i hovudstadsområdet, noko ein må vere merksam på ved tolking av variasjonen. Opphaldsratane varierte mellom 0,6 og 4,2 i gjennomsnitt per år og buområde.
- Når vi trekte ut dei med alvorleg psykisk lidning frå gruppa eldre i døgnbehandling, var variasjonen i opphaldsratar også stor, og varierte frå 1 til 4 per år og buområde. Opphalda var i gjennomsnitt meir enn dobbelt så lange i OUS som i Førde.

For døgnbehandling hos eldre har vi konkludert med at variasjonen i bruk av døgnbehandling var stor og uønska ved alvorleg psykisk lidning. Også ved rusliding var variasjonen i opphaldsratar stor, men omfanget av døgnbehandling var lite. Opphaldsratane kan derfor innehalde større innslag av tilfeldig variasjon og gi usikkerheit til ratane. Døgnbehandling for eldre i psykisk helsevern og rusbehandling er eit område som gir sterk mistanke om at innbyggjarane ikkje har eit likeverdig behandlingstilbod.

#### 4.3.5 Samla vurdering for eldre

Det er ikkje kjent at det er større forskjellar i førekomsten av psykisk sjukdom eller ruslidingar mellom Oslo-området og resten av landet for eldre, enn for vaksne (Folkehelseinstituttet, 2018b). Variasjonen i bruk av spesialisthelsetenestene innan psykisk helsevern og rusbehandling, var likevel tydeleg større for eldre. Særleg stor variasjon fann vi i bruk av poliklinisk behandling med høgast bruk i Sør-Øst og lågast i Nord. Eldre frå Oslo fekk eit meir omfattande behandlingstilbod enn eldre frå andre delar i landet. Variasjonen mellom ulike delar av landet såg ikkje ut til å skuldast pasientane sine behov åleine, men også skilnader i behandlingstilbod (sjå også kapittel 5.2). Variasjonen mellom buområda i eldre sin bruk av psykisk helsevern, tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar og avtalespesialister i psykisk helsevern, har vi derfor vurdert til å vere uønska. Konklusjonen gjeld både eldre samla, og for eldre med alvorleg psykisk lidning og rusliding kvar for seg.

## 4.4 Vurdering av variasjonen

I vurdering av variasjon i bruk av helsetenestene mellom buområda og DPS-områda, har vi nytta fleire metodar fordi det ikkje er ein bestemt måte som er tilrådd. Vi har sett på forholdstalet mellom høgaste og lågaste rate (FT), forholdstalet mellom nest høgaste og neste lågaste rate (FT2), forholdstalet mellom tredje høgaste og tredje lågaste rate (FT3), variasjonskoeffisient (CV), systematisk variasjonskomponent (SCV), volumet (kor mange pasientar, polikliniske kontaktar, døgnopphald eller anna som inngår i analysane), stabilitet i årsratane og i tillegg brukt skjønn. Metodane er skildra i kapittel 4.6 i Helseatlas i ortopedi for Noreg.<sup>23</sup>

Analysane i dette helseatlaset skil seg imidlertid frå ortopediatlasets ved at konfidensintervall berre er nytta på pasientratane. Dette fordi variablane for poliklinisk behandling og døgnbehandling er avhengige, d.v.s. ein pasient kan ha fleire polikliniske kontaktar eller døgnopphald per år. Det er både tatt høgde for avhengige hendingar ved utrekning av SCV (Cain & Diehr, 1992), og for å utelukke ekstremverdiane har vi rekna ut SCV etter at høgaste og lågaste rate blei fjerna frå analysane (McPherson et al., 1982). Det er desse SCV-verdiane som visest i tabellane 4.16, 4.17, 4.18 og 4.19, saman med anna statistikk som ligg til grunn for vurderingane.

Ved bruk av SCV kan storleik på variasjonane kategoriserast slik:  $SCV < 3$  liten, ubetydeleg, 3 -5,4 moderat, 5,4 -10 stor,  $> 10$  særleg stor. Kategoriane er brukt i fleire studier mellom anna hos Murphy et al. (2017). Vi har sett til desse kategoriane og nytta adjektiv frå *liten* til *særleg stor*, men samtidig også sett om verdiane frå dei andre metodane går i same retning, før vi har konkludert.

Konfidensintervall (KI) gir eit bilete av kor stor variasjon vi kan forvente frå tilfeldigheit, og beskriv usikkerheita frå den naturlege variasjon i verda rundt oss. I figurar med pasientratar har vi tatt med konfidensintervall for raten for kvart buområde. Då har den samla raten for Noreg (landsraten) blitt teikna inn som ei vertikal line, for å gjere det enklare å samanlikne buområde og vurdere variasjonen. Dette må ikkje bli tolka som at landsraten er det riktige nivået, og at det er feil å ligge signifikant over eller under denne. Landsraten har berre blitt brukt som ei hjelp til å vurdere kor stor variasjonen er, og om den er større enn kva vi ventar frå tilfeldigheit. For buområde med mange innbyggjarar og mange pasientar, blir raten mindre påverka av tilfeldig variasjon, og konfidensintervallet rundt raten blir ganske smalt. For eit buområde med få innbyggjarar og få pasientar, blir raten meir påverka av tilfeldigheit, og konfidensintervallet blir vidare.

For å kunne uttale oss om variasjonen i bruk av tenestene er uønska, har vi sett på pasientratar, omfanget kvar pasient har fått av behandling ved poliklinikk, og vi har sett etter kunnskap om førekomst av sjukdom eller behov for tenestene i ulike delar av landet frå andre kjelder. I nokre tilfeller kan variasjonen i forbruksratar mellom buområda vere stor, men utvalet lite. Det vil i så fall ha ein anna betydning enn dersom utvalet vi ser på også er stort.

<sup>23</sup>[https://helseatlas.no/sites/default/files/rapport\\_ortopedi.pdf](https://helseatlas.no/sites/default/files/rapport_ortopedi.pdf)

**Tabell 4.16: Statistikkgrunnlag for vurdering av variasjon i poliklinisk behandling.** Tal polikliniske kontakter i gjennomsnitt per år i Noreg, gjennomsnittleg årleg kontaktrate for landet med lågast og høgast rate, forholdstal (FT), variasjonskoeffisient (CV) og systematisk variasjonskomponent (SCV) for perioden 2014–2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

Poliklinikk	Tal kontakter	Kontaktrate	Lågast rate	Høgast rate	FT	FT2	FT3	CV	SCV
Barn og unge	583 778	517,0	428,6	725,5	1,7	1,5	1,5	16,3	3,4
Gutar	288 218	498,4	402,4	706,9	1,8	1,6	1,5	17,5	3,8
Jenter	295 560	536,6	422,5	748,0	1,8	1,5	1,4	15,4	3,3
0-5 år	318 897	92,2	37,4	211,7	5,7	3,2	2,2	39,6	10,3
6-12 år	34 083	523,8	377,0	750,2	2,0	1,7	1,5	17,8	3,9
13-17 år	230 798	1005,5	731,5	1468,9	2,0	1,6	1,5	17,0	3,2
Vaksne	2 246 603	696,4	460,7	1229,1	2,7	1,9	1,7	25,6	3,7
Vaksne RUS	299 349	92,8	27,1	212,5	7,8	5,9	3,7	60,5	21,5
Vaksne ALV	308 145	95,5	42,6	261,9	6,1	2,3	2,0	47,1	6,2
Vaksne DPS	2 246 603	696,4	361,6	1229,1	3,4	3,2	2,3	25,2	4,9
18-30 år	789 023	871,4	589,2	1163,0	2,0	1,5	1,3	15,5	2,2
31-50 år	1 081 669	751,1	464,7	1431,9	3,1	2,0	1,8	30,7	4,6
51-64 år	375 911	426,0	199,2	1201,2	6,0	2,4	2,4	50,9	7,1
Eldre	103 709	121,6	43,6	413,1	9,5	5,1	3,4	67,4	19,3
Eldre RUS	7 425	8,7	1,1	42,9	39,0	15,5	9,3	96,8	17,6
Eldre ALV	19 507	22,9	5,8	147,6	25,5	12,4	4,2	112,9	41,5
Eldre DPS	103 700	121,6	32,8	413,1	12,6	7,5	6,3	57,9	19,3
65-74 år	73 956	151,5	48,9	558,4	11,4	4,9	3,7	71,5	19,4
75+ år	29 744	81,4	36,6	231,0	6,3	5,9	4,8	63,4	23,6

**Tabell 4.17: Statistikkgrunnlag for vurdering av variasjon i poliklinisk behandling.** Tal pasientar i gjennomsnitt per år i Noreg, gjennomsnittleg årleg pasientrate med lågast og høgast rate, forholdstal (FT), variasjonskoeffisient (CV) og systematisk variasjonskomponent (SCV) for perioden 2014–2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

\* Få pasientar ligg til grunn for utrekning av ratane og kan gi større innslag av tilfeldig variasjon.

Poliklinikk	Tal pasientar	Pasientrate	Lågast rate	Høgast rate	FT	FT2	FT3	CV	SCV
Barn og unge	49 000	43,5	36,2	58,3	1,6	1,5	1,3	12,2	3,5
Vaksne	180 897	56,1	47,6	83,1	1,7	1,4	1,3	13,7	1,8
Vaksne RUS	25 027	7,8	4,4	16,6	5,0	2,5	2,3	39,5	7,0
Vaksne ALV	19 586	6,1	4,4	10,8	2,4	1,5	1,4	20,6	2,0
Eldre	14 970	18,2	12,2	36,0	2,9	2,5	1,8	31,1	5,6
Eldre RUS*	1 052	1,2	0,4	4,8	11,3	6,5	5,8	74,2	14,9
Eldre ALV	2 074	2,4	1,2	7,6	6,4	4,2	2,9	54,1	11,0

**Tabell 4.18: Statistikkgrunnlag for vurdering av variasjon i døgnbehandling.** Tal opphald i gjennomsnitt per år i Noreg, gjennomsnittleg årleg opphaldsrate for landet med lågast og høgast rate, forholdstal (FT), variasjonskoeffisient (CV) og systematisk variasjonskomponent (SCV) for perioden 2014–2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

Døgnbehandling	Tal opphald	Opphaldsrate	Lågaste rate	Høgaste rate	FT	FT2	FT3	CV	SCV
Barn og unge	2 581	2,3	0,9	5,8	5,4	3,4	2,8	42,8	13,6
Vaksne	50 800	15,8	9,2	25,3	2,8	2,0	1,5	22,3	4,7
Vaksne RUS	19 802	6,2	4,2	11,4	2,7	2,0	1,7	25,4	4,5
Vaksne ALV	15 151	4,7	3,1	9,4	3,0	2,4	1,9	32,2	8,0
Vaksne DPS	50 800	15,8	9,2	32,0	3,5	2,8	2,6	26,6	6,3
18-30 år	15 923	17,6	8,9	29,2	3,3	2,0	1,7	25,1	4,9
31-50 år	23 367	16,2	9,7	28,8	3,0	2,2	1,7	26,1	5,6
51-64 år	11 510	13,1	8,5	23,3	2,7	2,3	1,9	26,8	6,1
Eldre	5 634	6,6	4,6	13,3	2,9	1,9	1,6	26,8	3,9
Eldre RUS	854	1,0	0,6	4,2	6,7	3,3	2,9	68,0	8,1
Eldre ALV	1 764	2,1	1,2	4,3	3,6	2,4	2,2	33,5	7,2
Eldre DPS	5 634	6,6	3,5	13,3	3,9	2,8	2,4	25,6	4,1

**Tabell 4.19: Statistikkgrunnlag for vurdering av variasjon i døgnbehandling.** Tal pasientar i gjennomsnitt per år i Noreg, gjennomsnittleg årleg pasientrate i landet med lågast og høgast rate, forholdstal (FT), variasjonskoeffisient (CV) og systematisk variasjonskomponent (SCV) for perioden 2014–2018. Ratane er justert for alder og kjønn.

\* Få pasientar ligg til grunn for utrekning av ratane og kan gi større innslag av tilfeldig variasjon.

Døgnbehandling	Tal pasientar	Pasientrate	Lågast rate	Høgast rate	FT	FT2	FT3	CV	SCV
Barn og unge	1 770	1,6	0,7	4,0	6,1	3,5	2,7	45,8	18,0
Vaksne	27 685	8,6	6,0	13,0	2,2	1,6	1,4	17,3	2,8
Vaksne RUS	11 562	3,6	2,3	6,6	2,8	1,6	1,6	23,7	3,5
Vaksne ALV	7 920	2,5	2,0	3,5	1,7	1,7	1,5	17,8	2,0
Eldre	3 813	4,5	3,6	8,2	2,3	1,6	1,4	21,8	3,0
Eldre RUS*	584	0,7	0,4	2,8	6,5	2,9	2,4	64,7	5,0
Eldre ALV	1 141	1,3	0,9	3,0	3,5	1,9	1,8	33,0	4,8





## Kapittel 5

# Drøfting

### 5.1 Hovudfunn

Helseatlas psykisk helsevern og rusbehandling inneheld informasjon om mange aspekt ved innbyggjarane sin bruk og variasjon i bruk av psykisk helsevern, avtalespesialistar i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i perioden 2014–2018. Som hovudfunn vil vi trekke fram:

- Ved rusliding og alvorleg psykisk lidning hos vaksne var variasjonane i bruk av poliklinikk og døgnopphald store og uønska. Vi fann buområde med utstrakt bruk av poliklinikk for pasientgruppene. Variasjonen i døgnbehandling var stor for pasientar med alvorleg psykiske lidningar, men meir moderat for pasientar med rusliding. Bruk av tenestene var ikkje likeverdig fordelt i landet.
- For eldre var variasjonen i bruk av både poliklinikk og døgnbehandling store og uønska. Eldre frå område med lite poliklinisk behandling, hadde også liten bruk av døgnbehandling. Variasjonen i bruk av tenestene var store og uønska både når vi såg på eldre samla, og på eldre med rusliding og eldre med alvorleg psykisk lidning kvar for seg.
- For vaksne, men tydeligast for eldre, var bruk av poliklinikk høgast i Oslo. Større bruk av avtalespesialistar i Oslo, samanlikna med i andre delar av landet, var med på å bidra til den store variasjonen mellom buområda i poliklinisk kontaktrate.
- For barn og unge var variasjonen i bruk av poliklinikk liten, mens variasjonen i døgnopphald var stor. Døgnopphald blei imidlertid brukt i liten grad for barn og unge.

## 5.2 Drøfting av resultat

### Like behov for tenester uansett kvar du bur?

Gjennom analysane i helseatlas er det eit mål å kunne gi uttale om bruk av helsetenestene er likeverdige, uansett kvar du bur i landet. I dette ligg det også ei vurdering om behovet for tenester er likt fordelt. For mange somatiske tilstandar er det antatt lik førekomst og relativt like behov for helsetenester i heile landet, dersom alders- og kjønnsfordelinga blir kontrollert for. Kunnskapen om førekomst av psykiske lidningar og ruslidningar fordelt på buområde og alder er imidlertid begrensa (Folkehelseinstituttet, 2018b). I dataene våre har vi kunnskap om pasientane som var i kontakt med psykisk helsevern, avtalespesialistane i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar i 2014–2018. Vi kjenner likevel ikkje til omfanget av pasientane som fekk hjelp frå kommunale tenester, eller som ikkje fekk hjelp.

For å kunne gi uttale knytt til om variasjonar i bruk av spesialisthelsetenestene for pasientar med psykiske lidningar og/eller ruslidningar er uønska, har vi sett på andre kjelder som kan gi kunnskap om innbyggjarane sine behov for tenestene. Innbyggjarane sine behov for helsetenester vil, i tillegg til kva type lidning pasienten har, vere påverka av forhold som gjeld helse- og sosialsituasjonen til den enkelte. Det er ein antatt direkte samanheng mellom alder og helsetenesteforbruk og mellom helserelevante forhold og helsetenesteforbruk, medan samanhengen mellom sosioøkonomiske forhold og helsetenesteforbruk er meir indirekte (NOU, 2019). I analysane våre har vi nytta alders- og kjønnsjusterte ratar for å kunne samanlikne bruk av helsetenester mellom ulike buområde, men vi har ikkje kontrollert for sosioøkonomiske forhold.

Det er indikasjonar på at rusmiddelproblema er større i storbyane enn elles i landet. Folkehelseinstituttet viser i Folkehelse rapporten (Folkehelseinstituttet, 2019) til undersøkingar der det går fram at problema knytta til alkoholbruk ser ut til å vere høgare i storbyene enn elles i landet. Undersøkingar frå 90-talet viste skilnader mellom Oslo og Sogn og Fjordane. I rapporten skriv dei vidare at vi ikkje har nyare undersøkingar, men at det ikkje kan utelukkast at det også i dag er regionale variasjonar.

Byar og tettstadar har hatt tendens til å tiltrekke seg personar med høgt forbruk av rusmiddel, og med påfølgande auka behov for helse- og sosialtenester i byane samanlikna med landkommunar. Likevel; fleire kommunar er i ferd med å hente inn problema som Oslo har (NOU, 2008).

Også innad i bykommunane kan innbyggjarane ha ulike behov. For Oslo går dette indirekte fram mellom anna gjennom ein høgare konsentrasjon av kommunale bustader i bydelar tilhøyrande Lovisenberg-området, bustader som gjerne sosialhjelpsmotakarar vil gjere seg nytte av. Mellom ulike bydelar i Oslo er det også til dels store skilnader i forventa levealder.<sup>24</sup> Innbyggjarane har mellom fire og åtte år kortare forventa levealder i bydelane Sagene, Grünerløkka, Gamle Oslo, Grorud og St. Hanshaugen enn i bydelar med lengst forventa levealder. Kortare levealder indikerer dårlegare helse - av ulike grunnar -, og større behov for helse- og sosialtenester.

Modellane for inntektsfordeling mellom regionale helseføretak bygger både på alders-, og helse- og sosial-kriterier. Modellen i NOU 2008:2 (NOU, 2008), som blei nytta i åra vi har analysert data frå, inneheld ein behovsindeks for psykisk helsevern og ein for tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Våre funn kan ikkje samanliknast direkte mot indeksane. For eksempel inneheld behovsindeksen for psykisk helsevern alle aldrar samla, og både døgn og poliklinikk. Det kan likevel vere interessant å spegle resultat opp mot indeksane – om forbruket er høgt der behovet er antatt høgast.

Regionale helseføretak har med utgangspunkt i modellen frå 2008 (NOU, 2008) utarbeida eigne kriteriesett og behovsnøklar per helseføretak. I Helse Sør-Øst er behovet for psykisk helsevern og tverrfagleg

<sup>24</sup>Folkehelseinstituttet. Kommunehelse statistikkbank. <http://khs.fhi.no/webview/>, per 9. mai 2019

spesialisert behandling av ruslidingar funne høgast i Oslo. Også St. Olavs og Helse Bergen har høgare behovsindeks enn dei andre helseføretaka i sine respektive regionar (personlege overleveringar). I våre resultat fann vi høgast bruk av poliklinikk i byområda.

I forslaget til ny inntektsmodell for dei regionale helseføretaka er det utarbeida ein felles behovsindeks for psykisk helsevern vaksne (18 år og eldre) og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (NOU, 2019). Av denne går det fram at behovet for tenestene er noko høgare i Helse Nord enn i andre regionar.

Funna våre viste at både vaksne og eldre i region Nord hadde lågare poliklinisk kontaktrate (kontaktar per 1 000 innbyggjarar) enn i andre delar av landet, og at variasjonen var særleg stor ved rusliding. Både få polikliniske pasientar (per 1 000 innbyggjarar), og få polikliniske kontaktar per pasient, var med på å forklare den låge bruken av poliklinikk i region Nord. I Helse Nord sin Utviklingsplan for psykisk helsevern og TSB (Helse Nord RHF, 2016) går det mellom anna fram at alle helseføretaka skal bygge ut poliklinisk kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling for å samsvare meir med landet elles. Regionen har med andre ord eit kjent underforbruk av poliklinikk for pasientar med ruslidingar, noko som er i samsvar med funna i våre analysar.

I region Nord fann vi også for vaksne med alvorleg psykisk lidning relativt liten bruk av poliklinikk. I buområda Finnmark og UNN hadde både vaksne med rusliding og vaksne med alvorleg psykisk lidning derimot ein noko høgare bruk av døgnopphald enn i andre delar av landet. Dei seinare åra har det vore ei bevisst omlegging frå døgnbehandling til poliklinisk behandling i Noreg, og i perioden 2014–2018 gikk tal døgnplassar ned i alle helseregionane. Målt per 10 000 innbyggjarar var det i 2018 fleire døgnplassar innan psykisk helsevern for vaksne i Helse Nord og Helse Vest samanlikna med Helse Sør-Øst og Helse Midt-Norge.<sup>25</sup> På grunn av lange reiseavstandar for ein del av pasientane, vil nok fleire kortare opphald kunne kompensere noko for liten bruk av poliklinisk behandling, men vi kunne ikkje sjå at dette skjedde i tilstrekkeleg grad for buområda UNN og Finnmark.

Ut frå den kjennskapen vi har knytt til bruk av og behovet for tenestene har vi konkludert med at ved rusliding og alvorleg psykisk lidning hos vaksne var variasjonane i samla bruk av poliklinikk og døgnopphald store og uønska.

For barn og unge har det vore eit uttalt mål at 5 % skal vere omfatta av tenester i psykisk helsevern (Norges forskningsråd, 2009). I våre analysar varierte prosentdelen frå knappe 4 % til 6,5 % i gjennomsnitt per år mellom dei ulike buområda. Høgast prosentdel hadde buområde Helgeland og Førde. Desse buområda hadde også høgare poliklinisk pasientrate enn i andre buområde. For poliklinisk behandling var det likevel liten variasjon i både pasientrate og kontaktrate for barn og unge.

Opphaldsratane for barn og unge varierte likevel mykje mellom buområda. I vurdering av variasjonen må vi her ta omsyn til at det var få barn og unge i døgnbehandling, og at den tilfeldige variasjonen kan påverke ratane i større grad enn ved store tal. I perioden 2014–2018 var tal døgnplassar i psykisk helsevern for barn og unge relativt stabilt og med fleire døgnplassar per 10 000 innbyggjarar i helseregion Nord, enn i dei andre regionane. Større behandlingsskapasitet kan vere med og forklare relativt fleire døgnopphald i regionen.<sup>26</sup> Lange reiseavstandar for enkelte pasientar, kan også vere grunn for kortare døgnopphald heller enn polikliniske kontaktar. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå at ulike behov i barne- og ungdomsgruppa, i ulike delar av landet, påverkar bruken av tenestene. I modellen for inntektsfordeling mellom dei regionale helseføretaka frå 2019 (NOU, 2019), inngår ein behovsindeks for psykisk helsevern for barn og unge. Modellen angir eit noko høgare behov for tenestene i Helse Nord, samanlikna med for barn og unge i dei andre helseregionane, noko som kan samsvare med våre funn om høgare pasientratar og opphaldsratar. Det er likevel ikkje eintydig at bruk av døgnbehandling var høgare i regionen då vi

<sup>25</sup><https://statistikk.helsedirektoratet.no/bi/Dashboard/09a57907-d4b8-411f-ad76-513364f54c52?e=false&vo=viewonly>

<sup>26</sup>Sjå fotnote 25.

fann buområde med lengre varigheit på døgnopphalda i andre delar av landet. Ut frå den kunnsken vi har, kan vi ikkje konkludere sikkert angående om variasjonen i tenestene for barn og unge er uønska.

### Likeverdig tilbod om behandling?

Behandlingstilbodet til pasientar med psykisk lidning eller ruslidning vil påverke bruken av helsetenestene. Som eksempel kan vi nemne to område som nok påverkar funna i våre analysar; alderspsykiatriske avdelingar og Raskere tilbake-ordninga.

Eldre har gjennom lengre tid hatt eit godt utbygd tilbod ved alderspsykiatriske avdelingar både ved Diakonhjemmet Sykehus og OUS, for personar frå 65 år frå Oslo. Både pasientar med nyoppstått psykisk lidning i eldre år, og eldre pasientar med psykisk lidning som har oppstått tidlegare i livet får tilbod. Eit slikt stabilt tilbod vil generere tilvisingar og aktivitet. I andre delar av landet får eldre pasientar vanlegvis tilbod ved nyoppståtte lidningar. At vi ser lågare aktivitet i andre deler av landet enn i Oslo, kan også forklarast av ulik organisering av tenestene. Der alderspsykiatrien er samlokalisert med somatiske avdelingar, vil aktiviteten bli registrert ved denne sektoren, og ikkje inngå i analysane her. Andre har organisert tenestene med utstrakt bruk av rettleiing av kommunehelsetenesta (personleg overlevering). Helse Nord har i sin utviklingsplan for psykisk helsevern og TSB nemnt at dei skal bygge opp kapasitet og kompetanse på alderspsykiatriske lidningar (Helse Nord RHF, 2016). Denne satsinga støttar inntrykket vårt om eit underforbruk av tenestene for eldre både i denne regionen og i andre deler av landet, og at variasjonen i psykiatrisk behandling for eldre er uønska.

Raskere tilbake var eit nasjonalt prosjekt der føremålet var å redusere sjukefråveret ved å bringe personar som var sjukmelde, eller stod i fare for sjukmelding, raskare tilbake til arbeidslivet. Tilbodet kom i tillegg til det ordinære behandlingstilbodet pasientane fekk frå helseføretaka. I perioden 2014–2017 hadde innbyggjarane med lettare psykisk lidning eit behandlingstilbod innan Raskere tilbake. Frå 2018 blei tilbodet erstatta med ordninga Helse og arbeid. Data frå dei regionale helseføretaka (personleg overlevering) viste at ordninga i større grad blei tatt i bruk i Helse Sør-Øst enn i dei andre regionane. Lovisenberg Diakonale Sykehus, men også private klinikkar, ga eit omfattande tilbod til pasientane. Tilbodet vil inngå som polikliniske kontaktar i våre analysar, og bidreg truleg til noko av den høge polikliniske kontaktraten for vaksne i aldersgruppene 30–64 år frå buområde Lovisenberg.

Konsultasjonar hos avtalespesialistar kan, saman med poliklinikk i det offentlege, komplettere tilbodet for poliklinisk behandling for pasientar med psykisk lidning eller ruslidning. På den måten kan vi sjå føre oss eit meir likeverdig tilbod til pasientane, uavhengig av kvar ein bur i landet. For vaksne kan dette sjå ut til å vere tilfellet i nokre buområde. For eldre fann vi derimot at buområda i Oslo som hadde høgast poliklinisk kontaktrate i det offentlege, også hadde størst bruk av avtalespesialist, per 1 000 innbyggjarar. Vi fann vidare at pasientar i Oslo hadde fleire polikliniske kontaktar per pasient både i behandling hos avtalespesialist og i det offentlege, samanlikna samanlikna med eldre frå andre delar av landet. Med andre ord kan det sjå ut som om pasientar frå buområde med eit godt utbygt offentleg tilbod, også gjer seg nytte av eit privat tilbod. Skilnadane bidreg til den store variasjon mellom buområda i eldre sin bruk av poliklinikk ved psykisk lidning eller ruslidning.

Før oppstart av behandling skal spesialisthelsetenesta vurdere om pasientane har rett til helsehjelp ut frå visse kriterium.<sup>27</sup> Konsernrevisjonen i Helse Sør-Øst fann i si undersøking «Likeverdig og forutsigbar helsehjelp» i 2017, at ved ni poliklinikkar i regionen, ga berre sju av 23 tilvisingar lik konklusjon på rettigheitsvurderingane.<sup>28</sup> Dersom pasientane opplever systematiske skeivheiter i rettigheitsvurderingane ved ulike poliklinikkar i landet, kan dette medverke til uønska variasjon i bruk av tenestene.

<sup>27</sup> [www.helsedirektoratet.no/veiledere/prioriteringsveiledere/](http://www.helsedirektoratet.no/veiledere/prioriteringsveiledere/)

<sup>28</sup> [www.helse-sorost.no/om-oss/styret/konsernrevisjonen](http://www.helse-sorost.no/om-oss/styret/konsernrevisjonen)

I følge studien til [Clark et al. \(2018\)](#) er høgare behandlingintensitet og fleire konsultasjonar på kortare tid assosiert med eit positivt utbyte av behandlinga. [Brujniks et al. \(2020\)](#) fann betre behandlingseffekt for pasientar med depresjon dersom dei hadde to, samanlikna med ei behandlingssøkt per veke. Organiseringa av poliklinisk behandling, kan derfor vere av betydning for behandlingseffekten. I arbeid med helseatlasen har vi sett på intensiteten i poliklinisk behandling, og fann at den, målt som gjennomsnitt i 30 dagersperiodar, for vaksne pasientar i Noreg gjerne var mellom 3,5 og 4,5, og for eldre mellom 2,7 og 3,8. I modellen vår er pasientgruppene lite differensiert, og ikkje knytt mot behandlingseffekt. Det kan vere interessant å sjå nærmare på intensiteten for meir spesifikke pasientgrupper der ein undersøker organiseringa av tenestene mot behandlingseffekt.

Resultata i helseatlasen gir grunnlag for refleksjonar knytt til innbyggjarane sin bruk av spesialisthelsetenestene innan psykisk helsevern og rusbehandling, og variasjonane mellom ulike delar av landet i bruk av tenestene. Kunnskapen frå helseatlasen kan, saman med andre kjelder, vere utgangspunkt for vidare analysar for å forstå variasjonane og konsekvensane av desse – for pasientar, helsevesen og samfunn. For å kunne gi eit godt svar på om helsetenestene er likeverdige uansett kvar vi bur, treng vi meir kunnskap om pasientane sine behov for helsetenestene, og for tilbodet dei samla sett får; frå både spesialisthelsetenesta og kommunale tenester.

### 5.3 Datagrunnlaget

Hovuddatakjelde for analysene i helseatlasen, Norsk pasientregister (NPR), er eit nasjonalt helseregister som inneheld opplysingar om alle pasientar som har fått behandling i spesialisthelsetenesta i Noreg. NPR er primært utvikla for administrative føremål. I helseatlasen blir opplysingane nytta for å vurdere om det er variasjon i innbyggjarane sin bruk av spesialisthelsetenester i ulike delar av landet.

For å kunne samanlikne bruk av spesialisthelsetenester mellom buområda, er det vesentleg at mål på aktivitet representerer ein samanliknbar storleik. Dette er ei utfordring ved ulik registreringspraksis. Å kunne bruke same mål på aktivitet over fleire år har tilsvarende betydning for analysane. 2017 var eit prøveår for innføring av innsatsstyrt finansiering (ISF) i psykisk helsevern. Med innføring av ISF, skjedde det endringar i kodeverket. Å finne ein måte å rekne ut polikliniske kontaktar på ga oss derfor særskilde utfordringar. Vi konkluderte med å telje alle direkte polikliniske kontaktar, med separate analysar for indirekte kontaktar, uavhengig av ulike finansieringsmåtar. I SAMDATA sin rapport Status og utviklingstrekk for spesialisthelsetjenesten ([Helsedirektoratet, 2019b](#)) går det fram at innan psykisk helsevern for vaksne er tal polikliniske kontaktar med refusjon lågare enn dersom ein tel alle kontaktar. Med andre ord vil ulike måtar å telje polikliniske kontaktar på, gi noko ulike resultat i volum, og kan gi nyansar i konklusjonane om variasjonen.

Nedgangen i poliklinisk kontaktrate for barn og unge i 2018 vil vere påverka av både innføring av nytt journalsystem i nokre helseføretak i perioden, og ein auke i tenestetilbodet for barn og unge si psykiske helse i kommunane.

I 2018 fikk 89 prosent av dei rapporteringspliktige avtalespesialistene akseptert leveransen av aktivitetsdata til NPR. Tidlegare år var denne prosenten lågare ([Helsedirektoratet, 2019a](#)). Det kan med andre ord vere noko underrapportering i tala analysane våre bygger på.

Perioden vi har analysert data frå var ein overgangsperiode på fleire måtar. I løpet av perioden 2014–2018 skjedde det tydelege endringar i kva *type* indirekte kontaktar som blei registrerte, noko som kan skuldast endringar i finansiering og kodereglar frå 2017. I tillegg blei *type* kontakt registrert for langt fleire av kontaktane i 2018 enn i 2016. Nokre *typar* indirekte kontaktar kan no reknast som behandling, og ikkje berre administrativ aktivitet. Ved seinare analysar, når kodepraksis er meir etablert, kan det bli aktuelt

å differensiere dei indirekte kontaktane i ulike kategoriar; administrative og undersøking/behandling. Behandling via video eller telemedisin vil truleg få større utbreiing i åra framover, også som viktig del av pasientbehandlninga. Vi ser at bruk av denne type konsultasjonar kan vere særleg nyttig for pasientar med lange reiseavstandar til behandlar. Video- og telefonkonsultasjonar auka sterkt innan psykisk helsevern under corona-epidemien våren 2020, og ga både behandlar og pasient nyttig erfaring med verktøyet.<sup>29</sup>

Det blir gjort mykje for å betre og harmonisere kodepraksis innan psykisk helsevern og behandling av ruslidingar, for å kunne samanlikne faktisk utført aktivitet ulike stadar. Vi kan ikkje sjå bort frå at det i datasettet vårt er noko feilkoding, det vil seie at dataene ikkje gir eit bilde som heilt svarar til verkelegheita av kva aktivitet som faktisk er utført. For å minimere utfordringa med feil i kodinga har vi derfor brukt tid på å tilrettelegge og kvalitetssjekke datasettet frå NPR, og sett etter feilkodingar og ulik kodepraksis. Feilkodingar i datasettet kan vurderast som tilfeldige feil jamnt fordelt på pasientar i heile landet, noko som ikkje vil påverke konklusjonane om variasjonen vesentleg. Ulik kodepraksis mellom føretaka kan derimot føre til noko skeivheit i datagrunnlaget som blei brukt i analysane.

---

<sup>29</sup>[www.dagensmedisin.no/artikler/2020/05/20/var-i-gang-med-video-lenge-for-korona.-slapp-store-etterslep-i-behandlingen/](http://www.dagensmedisin.no/artikler/2020/05/20/var-i-gang-med-video-lenge-for-korona.-slapp-store-etterslep-i-behandlingen/)

## Kapittel 6

# Oppsummering og konklusjon

Vi fann store variasjonar mellom ulike delar av landet i innbygarane sin bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for perioden 2014-2018.

For vaksne, som var den største pasientgruppa, var det stor variasjon mellom ulike delar av landet i pasientane sin bruk av tenestene, og særleg tydeleg blei dette når vi trekte ut pasientar med rusliding eller pasientar med alvorleg psykisk lidning og såg spesielt på desse. For begge gruppene var det store variasjonar i bruk av poliklinisk behandling. For døgnbehandling var variasjonen ikkje like markant for pasientar med rusliding, mens for dei alvorleg psykisk sjuke var det stor variasjon også her. Vi har vurdert at variasjonen mellom buområda var uønska.

Analysane viste at variasjonen i bruk av helsetenestene var særleg stor for eldre. Både bruk av poliklinisk- og døgnbehandling varierte svært mykje mellom ulike delar av landet. Variasjonen var stor for eldregruppa samla, og når vi såg på pasientar med rusliding eller alvorleg psykisk lidning kvar for seg. Omfanget av døgnbehandling ved rusliding var lite. Vi har ikkje haldepunkt for at den store variasjonen i bruk av tenestene skuldast pasientane sine behov åleine, og har vurdert at den var uønska.

For barn og unge varierte bruk av poliklinikk lite mellom ulike delar av landet, vurdert ut frå heile aldersgruppa samla. Vi vann likevel at det blei gitt ulikt mange polikliniske kontaktar per pasient. Variasjonen i døgnbehandling var stor, men det var få pasientar som fekk døgnbehandling.

Resultata i helseatlasen gir grunnlag for refleksjonar knytt til innbygarane sin bruk av spesialisthelsetenestene innan psykisk helsevern og rusbehandling, og variasjonane mellom ulike delar av landet i bruk av tenestene. Kunnskapen frå helseatlasen kan, saman med andre kjelder, vere utgangspunkt for vidare analysar for å forstå variasjonane og konsekvensane av desse – for pasientar, helsevesen og samfunn.





## Referansar

- Aldring og Helse (2019). Aldring og helse. Norsk kompetansesenter. [www.aldringoghelse.no/alderspsykiatri/depresjon-hos-eldre/](http://www.aldringoghelse.no/alderspsykiatri/depresjon-hos-eldre/). Henta oktober 2019.
- Bruijniks, S. J., Lemmens, L. H., Hollon, S. D., Peeters, F. P., Cuijpers, P., Arntz, A., Dingemans, P., Willems, L., Van Oppen, P., Twisk, J. W., et al. (2020). The effects of once-versus twice-weekly sessions on psychotherapy outcomes in depressed patients. *The British Journal of Psychiatry*, 216(4), 222–230.
- Byhring, H. S., Shu, J., Heiberg, I., Leivseth, L., Uleberg, B., Vonen, B., & Førde, O. H. (2019). Bruk av spesialisthelsetjenester innen rus og psykiatri i nord-norge, 2015 - 2017. SKDE rapport 7/19. ISBN: 978-82-93141-42-6.
- Cain, K. & Diehr, P. (1992). The multiple admission factor (MAF) in small area variation analysis.
- Clark, D. M., Canvin, L., Green, J., Layard, R., Pilling, S., & Janecka, M. (2018). Transparency about the outcomes of mental health services (iapt approach): an analysis of public data. *The Lancet*, 391(10121), 679–686.
- Folkehelseinstituttet (2017). Sykdomsbyrde i Norge 2015. Resultater fra Global Burden of Diseases, Injuries, and Risk Factors Study 2015 (GBD 2015). ISBN: 978-82-8082-840-8. [www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/sykdomsbyrde\\_i\\_norge\\_2015.pdf](http://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/sykdomsbyrde_i_norge_2015.pdf). Forfattarar: A. K. Knudsen, m. fl. Henta 20. august 2018.
- Folkehelseinstituttet (2018a). Helse hos eldre i Norge. I: Folkehelse rapporten - Helsetilstanden i Norge. Oslo. [www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/eldre/](http://www.fhi.no/nettpub/hin/grupper/eldre/). Folkehelseinstituttet. Henta 12. desember 2019. Publisert 17. september 2014. Oppdatert 23. mai 2018.
- Folkehelseinstituttet (2018b). Psykisk helse i Norge. Henta 12. desember 2019 frå [www.fhi.no/publ/2018/psykisk-helse-i-norge/](http://www.fhi.no/publ/2018/psykisk-helse-i-norge/). ISBN 978-82-8082-878-1, Folkehelseinstituttet, sist oppdatert 28.02.2018. Forfattarar: A. Reneflot m. fl.
- Folkehelseinstituttet (2018c). Psykiske lidelser hos voksne. I: Folkehelse rapporten. [www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/psykiske-lidelser-voksne/](http://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/psykiske-lidelser-voksne/). Henta 12. desember 2019, publisert 30. juni 2014, sist oppdatert 14. mai 2018. Forfattarar: A. Reneflot m. fl.
- Folkehelseinstituttet (2019). Rusbrukslidelser i Norge. I: Folkehelse rapporten - Helsetilstanden i Norge. Oslo. [www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/ruslidelser/](http://www.fhi.no/nettpub/hin/psykisk-helse/ruslidelser/). Folkehelseinstituttet. Henta 6. mai 2020. Publisert 30. juni 2014. Oppdatert 6. desember 2019.
- Hassani, S., Lindman, A. S., Kristoffersen, D. T., Tomic, O., & Helgeland, J. (2015). 30-day survival probabilities as a quality indicator for Norwegian hospitals: Data management and analysis. *PloS one*, 10(9), e0136547.
- Helse Nord RHF (2016). Utviklingsplan for psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehand-

- ling i Helse Nord 2016–2025. <https://helse-nord.no/Documents/Fagplanerograpporter/Fagplaner/UtviklingsplanforpsykiskhelsevernogTSB2016-2025endeligvedtak.pdf>. Henta 1. april 2020.
- Helse-og omsorgsdepartementet (2016). Verdier i pasientens helsetjeneste – melding om prioritering. St. meld. 34 (2015–2016).
- Helse-og omsorgsdepartementet (2019). Nasjonal helse- og sykehusplan 2020–2023. St. meld. 7 (2019–2020). Henta desember 2019 frå [www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-helse--og-sykehusplan-2020-2023/id2679013/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-helse--og-sykehusplan-2020-2023/id2679013/).
- Helsedirektoratet (2018). Bruk av tjenester i psykisk helsevern for barn og unge – utvikling og variasjon 2013–2017. [www.helsedirektoratet.no/statistikk/](http://www.helsedirektoratet.no/statistikk/). Analysenotat 09/2018. SAMDATA Spesialisthelsetjenesten, ansvarleg Beate Margrethe Huseby.
- Helsedirektoratet (2019a). Aktivitetsdata for avtalespesialister 2018. [www.helsedirektoratet.no/rapporter/aktivitetsdata-for-avtalespesialister/](http://www.helsedirektoratet.no/rapporter/aktivitetsdata-for-avtalespesialister/). Norsk pasientregister. Rapport IS-2817. Henta 10. januar 2020.
- Helsedirektoratet (2019b). Status og utviklingstrekk for spesialisthelsetjenesten. Kostnader, aktivitet og kvalitet. <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/samdata-spesialisthelsetjenesten/IS-2851StatusogutviklingstrekkforspesialisthelsetjenestenSAMDATA2018.pdf/>. Rapport IS-2851. SAMDATA Spesialisthelsetjeneste 2018.
- Kessler, R. C., Berglund, P., Demler, O., Jin, R., Merikangas, K. R., & Walters, E. E. (2005). Lifetime prevalence and age-of-onset distributions of dsm-iv disorders in the national comorbidity survey replication. *Archives of general psychiatry*, 62(6), 593–602.
- Malt, U. F., Andreassen, O. A., Malt, E. A., Melle, I., & Årslund, D. (2018). *Lærebok i psykiatri*. 4. utgave, Gyldendal Akademisk.
- McPherson, K., Wennberg, J. E., Hovind, O. B., & Clifford, P. (1982). Small-area variations in the use of common surgical procedures: an international comparison of New England, England, and Norway. *N Engl J Med*, 307(21), 1310–4.
- Moen, A., Rønnestad, A., Stensvold, H. J., Uleberg, B., Olsen, F., & Byhring, H. S. (2016). Norsk nyfødt-medisinsk helseatlas. SKDE rapport 5/16. ISBN: 978-82-93141-24-2.
- Murphy, M. E., Bennett, K., Fahey, T., & Smith, S. M. (2017). Geographical variation in anti-diabetic prescribing in Ireland in 2013 and 2014: a cross-sectional analysis. *Family practice*, 34(5), 587–592.
- NAV (2019). Flest uføretrygdde med psykiske lidelser og atferdsforstyrrelser. [www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyheter/flest-uforetrygdde-med-psykiske-lidelser-og-atferdsforstyrrelser](http://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyheter/flest-uforetrygdde-med-psykiske-lidelser-og-atferdsforstyrrelser). Publisert 27. juni 2019. Henta januar 2020.
- NHI (2019). Selvmordsforsøk hos barn og ungdom, informasjon til foreldre. [www.nhi.no/sykdommer/barn/barnepsykiatri/selvmordsforsok-hos-barn-og-ungdom-til-foreldre/](http://www.nhi.no/sykdommer/barn/barnepsykiatri/selvmordsforsok-hos-barn-og-ungdom-til-foreldre/). Norsk Helseinformatikk. Henta 19. november 2019, sist oppdatert 5. juli 2019.
- Norges forskningsråd (2009). Evaluering av Opptrappingsplanen for psykisk helse (2001 – 2009). [www.forskningsradet.no/publikasjoner](http://www.forskningsradet.no/publikasjoner). Lasta ned april 2020.
